

NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2015

Innhald:**Årsberetning**

| | | |
|-----|---|-------|
| 1 | Innleiing | s. 3 |
| 2 | Organisering av kommunen (politisk og administrativ)..... | s. 4 |
| 2.1 | Organisasjonskart | s. 4 |
| 2.2 | Politisk organisering | s. 5 |
| 2.3 | Administrativ organisering | s. 5 |
| 2.4 | Interkommunalt samarbeid | s. 6 |
| 3. | Investeringsrekneskapen | s. 7 |
| 4. | Driftsrekneskapen | s. 11 |
| 5 | Balansen | s.16 |
| 5.1 | Gjeld..... | s.16 |
| 5.2 | Arbeidskapital | s.16 |
| 5.3 | Utestående fordringar | s.16 |
| 5.4 | Fond | s.17 |
| 6. | Rapport - Finansforvaltning..... | s.18 |
| 7. | Aktivitetsnivået på utvalde område | s.19 |
| 8. | Likestilling | s.20 |
| 8.1 | Kjønnsfordeling | s.20 |
| 8.2 | Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid | s.21 |
| 8.3 | Lønsnivå | s.21 |
| 8.4 | Stillingsbrøk | s.22 |
| 8.5 | Vidareutdanning – kompetanseheving | s.22 |
| 8.6 | Etnisitet og nedsett funksjonsevne | s.22 |
| 9. | Fråvær | s.23 |
| 10. | Etisk standard | s.23 |
| 11. | Årsverk/løn/revisjon | s.23 |
| 12. | Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling..... | s.24 |

KOSTRA

| | | |
|-----|------------------|-------|
| 13. | KOSTRA-TAL | s. 25 |
|-----|------------------|-------|

Handlingsprogram/Kommuneplan

| | | |
|-------|--|-------|
| 14. | Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram | s. 31 |
| 14.1 | Sentral leiing | s. 32 |
| 14.2 | Fellestenesta | s. 35 |
| 14.3 | Andre stabsfunksjonar | s. 38 |
| 14.4 | Eining for skule | s. 43 |
| 14.5 | Eining for barnehage | s. 48 |
| 14.6 | Eining for kultur | s. 53 |
| 14.7 | Eining for helse og habilitering | s. 59 |
| 14.8 | Eining for omsorg | s. 62 |
| 14.9 | Eining for teknisk drift | s. 67 |
| 14.10 | Interkommunalt plankontor | s. 73 |
| 14.11 | NAV | s. 76 |
| 14.12 | Næring | s. 78 |

Vedlegg

| | | |
|------------|---|-------|
| Vedlegg I | Årsmelding Nissedal Fellesråd | s. 80 |
| Vedlegg II | Tilstandsrapport – Eining for teknisk drift | s. 87 |

1. Innleiing

På bakgrunn av at formannskapet la fram ei 3-delt innstilling i høve til budsjett, blei vedtak av budsjett/økonomiplan og handlingsprogram skilt og handlingsprogram blei vedteke i februar.

Sjølvs om ulike kraftinntekter, som t.d. konsesjonskraftinntektene gjekk kraftig ned (1,7 mill.) kom budsjettet for 2015 i balanse utan dramatiske kutt-tiltak.

I budsjettet for 2014 blei det gjort mange mellombelse kutt i tenestetilbod for å finansiere arbeidet med å førebu innføring av eigedomsskatt. I budsjettet for 2015 blei dei kutt-tiltaka som var tenkt berre skulle gjelde for 2014 "reversert" slik at ein skulle ha eit tenestetilbod oppe att på 2013-nivå.

I budsjettet for 2015 la ein til grunn at eigedomsskatt på hus/hytter/næringsbygg skulle gje ei inntekt på 5 mill. Resultatet etter utskrivning gav ei auke i inntekter på omlag 5,9 mill. Innføring/utskrivning av eigedomsskatt gav ikkje den støy/uro ein kunne frykte og sakkunnig klagenemnd handsama omlag 30 saker. I høve til at det blei skrivi ut i overkant av 3000 skattesetlar, så gir dette ein klagedel på 1%. (sakkunnig nemnd hadde ca. 130 saker, men her var mange av sakene reine korreksjonar/retting av feil).

I handlingsprogrammet stod som enkelttiltak "*Organisere og førebu arbeidet med busetting av flyktningar*". Det var i budsjettsamheng ikkje innarbeidd noko talmateriale kring flyktningar, då ein var usikker på antal og samansetning. Ein la slik sett til grunn at busetting av flyktningar ikkje skulle påverke balansen, med andre ord at det skulle vere samsvar mellom utgifter til busetting/intergrering og dei statlege tilskota. Det blei i løpet av sommaren busett 15 flyktningar i kommunen. Organisering av flyktningararbeidet blei lagt til eining for kultur. I tillegg til styrking av ramma for eining til kultur i høve til drift av flyktingtenesta, etablerings-/intergreringskostnader, blei og ramma til skule og barnhage styrkja. Totalt utgjorde dei ulike styrkinga av rammene 1,3 mill. Integreringstilskotet for flyktingane busett i 2015 utgjorde i overkant av 3 mill. Dermed bidrog busetting av flyktningar med 1,8 mill. i inntekter utover auken i kostnader. Dette blei omdisponert i samband med tertialkontrollane. Erfaringa så langt i høve til busetting av flyktningar er positivt.

Gjennom heile 2015 har det pågått arbeid på mange plan i høve til kommunereforma. Det har både på politisk nivå og administrativt hald blitt brukt mykje tid/ressursar i høve til utarbeiding av intensjonsavtale og deltaking i ulike arbeidsgrupper for å sjå på grunnlaget for kommunesamanslåing med Kviteseid og Seljord. Ved utgangen av 2015 ser det ikkje ut til at det er grunnlag for ein intensjonsavtale, på bakgrunn av signal/vedtak i Seljord kommune.


Storparten av investeringane knyt til samarbeidet med Drangedal i høve til VA-Gautefall blei fullført i løpet 2015. Dette må kunne oppsummerast som eit vellykka prosjekt, som totalt sett blei slutført innafor løyvd ramme og som legg eit godt grunnlag for vidare hytteutbygging i kommunen.

Nissedal har hatt ein positiv auke i folketalet gjennom fleire år, men i 2014 gjekk det noko ned. I 2015 fekk vi ein vekst att. 01.01.2015 var det 1.439 innbyggjarar i kommunen og ved utgangen av året var dette gått auka til 1.443. Ein må forvente at talet svingar litt, men ein kan håpe at veksten og vil halde fram i 2016, m.a. på bakgrunn av vedtaket om å busette 15 flyktningar i 2016 er det grunn til å tru at det og i 2016 vil vere ein vekst i folketalet. .

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2015 blei fråværet 5,92%, som slik at målet diverre ikkje blei nådd. Dette var ein oppgang på 1,06 prosentpoeng i høve til 2014, men likevel under nivå tidlegare år, slik at ein likevel må seie at ein fråværs-5 på 5,92 er akseptabel.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 10 møte i 2015 (inkl. konstituerande møte).

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og utvikling. Sistnemnde stilling har stått vakant gjennom heile 2015, og blei i samband med budsjettvedtak for 2016 trekt inn.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar. I 2015 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habilitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktingar.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme, ikt, rekneskap.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting, både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2015).

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i egne IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustjenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2015 i stor grad prega av stor aktivitet innan VA-sektoren, både som vertskommune for felles VA-anlegg på Gautefallheia, og ved eigne prosjekt.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar med totalt 25,6 mill. Av dette var omlag halvparten knytt til VA-anlegg på Gautefallheia (12,6 mill.), som Drangedal kommune også er med å finansiere. Dette samarbeidet er organisert som kjend eit interkommunalt samarbeid med eige styre og Nissedal kommune som vertskommune, og inngår difor som del av Nissedal sitt investeringsbudsjett/-rekneskap. Styret har fått økonomiske fullmakter innanfor ei samla prosjekt-ramme på 113 mill. Prosjektet vil bli avslutta i 2016.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert i k-sak 3/15, 43/15 og 84/15. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane og avvik i rekneskapet.

0125 – Formidlingslån – gamal ordning

Opphavleg ramme på kr 20.000, som var budsjettert mottak av lån, som skal finansiere avdragsutgifter. Dette vart gjennom året auka til kr 50.000, på bakgrunn av innbetaling av ekstraordinære avdrag. Mot slutten året blei det innbetalt ytterligare ekstraordinære avdrag, slik at mottatte avdrag blei kr 109.000 (kr 59.000 over budsjett). På bakgrunn av desse ekstraordinære innbetalingane er nær alle lån på denne ordninga avslutta. Ordninga vil truleg bli avslutta i 2016.

0126 – Startlån

Opphavleg låneramme på kr 650.000, som var ledig lån frå Husbanken frå tidlegare år, vart gjennom året styrka med kr 750.000, finansiert med nytt låneopptak hjå Husbanken. Det blei i 2015 lånt ut kr 900.000, som er kr 500.000 mindre enn ramma.

0149 – Kjøp og sal av aksar

Opphavleg løyving på kr 375.000 var sett til eigenkapitalinnskottet i KLP. Ramma blei styrkja med kr 513.000 i høve auke av eigenkapitalen i Vest-Telemark Næringsbygg, som var finansiert ved utbetaling frå grunnfondsmedel frå Vest-Telemark Rådet.

0521 – Skokedalsfjellet – anleggsbidragsavtale trinn 3

Opphavleg løyving på kr 51.000 gjeld tilbakehalde slutt-vederlag til utbygger, i påvente av ferdigattest og sluttdokumentasjon. På bakgrunn av manglande framdrift i prosjektet blei løyvinga trekt attende. Då dette har stått uoppgjort i fleire år vil anlegga vil bli overtatt av kommunen, sjølv om det ikkje er fremlagt ferdigattest/sluttdokumentasjon. Dette gir at det ikkje blir utbetalt noko sluttoppgjær.

0542 – Vass- og kloakknnett i Bakkane bustadfelt på Felle

Opphavleg løyving på kr 31.000 gjeld tilbakehalde slutt-vederlag til utbygger, i påvente av ferdigattest og sluttdokumentasjon. På bakgrunn av manglande framdrift i prosjektet blei løyvinga trekt attende. Då dette har stått uoppgjort i fleire år vil anlegga vil bli overtatt av kommunen, sjølv om det ikkje er fremlagt ferdigattest/sluttdokumentasjon. Dette gir at det ikkje blir utbetalt noko sluttoppgjær.

0544 – Tambaga – Fleirbrukshuset

Det vart løyva kr 3.638.000 i budsjett 2015 til bygging av trimrom. Ramma til prosjektet blei auka med kr 22.000. I tillegg var prosjektet finansiert med kr 700.000 i STUI-tilskot. Søknad for 2015 blei avslage, men ein legg til grunn at tilskottet vil bli utbetalt i 2016/17. Prosjektet er avslutta med ei overskriding på kr 93.000 i høve til total prosjektramme.

0545 – Telefonsentral – oppgradering/ny

Dette prosjektet var opphavleg sett opp i budsjett 2014 og var organisert som eit felles Vest-Telemark prosjekt. Det var ikkje avsett ramme til prosjektet i opphavleg budsjett 2015. I 1. tertial blei det avsett kr 253.000 for å fullføre dette prosjektet. Etter nokre utfordringar i høve til oppstart/innføring er prosjektet er nå slutført kr 36.000 under total prosjektramme.

0553 – Miljøretta helsevern – påkostningar skulebygg

I budsjettet for 2015 var det sett opp ei ramme på kr 5.657.000 til prosjektet. Prosjektet omfatta tiltak på alle 3 skulane i kommunen. I 2. tertial såg ein at prosjektet kunne avsluttast under løyvd ramme og ramma blei redusert med kr 1.250.000. Prosjektet vil bli vidareført i 2016. Gjenstående ramme frå 2015 (kr 1.499.000) vil bli vurdert vidareført i 2016.

0554 – Hovudleidning til Solheia og Utsjå hyttefelt

Det vart i budsjett 2015 sett opp 1,5 til slutføring av dette prosjektet. Prosjektet gjeld både kostnader til hovudleidning og avtale om overtaking av vassforsyninga til om lag 100 abonnentar i desse hyttefelt. Auke i løyving blei teke opp i eiga sak (k-sak 3/15). Der blei ramma auka med 3,8 mill. der 0,6 mill. var finansiert med anleggsbidrag. Prosjektet utløyste tilkoplingsgebyr på 1,9 mill. (driftsinntekt). Prosjektet avslutta kr 60.000 under totalt prosjektramme.

0555 – Meirkostnad VA-leidning – Treungen-Haukerhyl

Nissedal kommune hadde ønskje om at felles-leidningen til Gautefallheia skulle leggest slik at det vart lagt til rette for nye abonnentar i Treungen Sør. Meirkostnaden ved dette må Nissedal dekke, og det vart løyva kr 2.000.000 til dette i K-sak 5/14. Hovudtyngda av prosjektet blei gjennomført i 2014. I 2015 påløpte det berre mindre kostnader. I tillegg blei det gjort ei avrekning i høve til andre VA-prosjekt, slik at prosjektet framstår med ei negativ utgift ("inntekt") i 2015. Prosjektet er nå avslutta kr 33.000 under total prosjektramme.

0556 – Agresso-modul – A-melding

For å tilpasse seg til statlege pålegg f.o.m. 01.01.2015 vart det i 2014 løyva kr 150.000 til innføring av "A-melding". Det vart etter kvart klart at Nissedal kommune skulle vere vertskommune også for 3 andre kommunar under prosjektet, og investeringsramma vart auka til kr 430.000, men der kr 357.000 skulle refunderast av andre kommunar. Prosjektet er i praksis fullført ved utgangen av året. Prosjektet avslutta kr 44.000 under prosjektramma.

0558 – Kloakkpumpestasjon – Treungen kyrkje

Prosjektet gjeld bygging av kloakkpumpestasjon for å legge til rette for nye abonnentar i Homme-grenda. Blei starte opp i 2014 og fullført i 2015. Ramma blei i 2015 redusert med kr 182.000. Prosjektet er nå avslutta kr 1.000 under total prosjektramme.

0559 – Utbyggingsavtale – Felehovet Nord – Felt A

Prosjektet var starta i 2014. Prosjektet gjeld avtale om utbygging av internt spreienett i Felt A, samt bygging av kloakkpumpestasjon. Det er inngått avtale med Gautefallheia Utvikling AS. Anleggsbidrag blei kr 309.000 meir enn budsjettert. Dette har dekt opp for meirutgifter i høve til budsjett, men prosjektet framstår med eit meirforbruk på kr 335.000. (Totalramme var kr 2.824.000). Men på bakgrunn av nemnde meirinntekter er bruk av lån berre kr 7.000 meir enn budsjettert.

0562 Oppgradering av ePhorte/Microsoft-lisensar

Prosjektet omfattar både ei naudsynt oppgradering av sakshandsamingsverktøyet ePhorte, og kjøp av nye Microsoft-lisensar. Sistnemnde er både ei forsinka oppgradering i samband med ny driftsavtale med Aspit, der udisponert løyving i 2013 var kr 78.000 (inkl. mva), og naudsynt oppgradering ut i frå Microsoft sitt lisens-regime. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Fyresdal og Seljord. Prosjektet vil bli vidareført i 2016. Av prosjektramma på kr 625.000 står kr 85.000 att, som vil bli vurdert vidareført i 2016.

0563 Ny felles tenestebil

Det var løyvd kr 300.000 til innkjøp av ny tenestebil. Det er kjøpt inn ny bil (Skoda) i tråd med løyvinga.

0564 Adressering-skilting-vegnamn

Prosjektet gjeld innkjøp og oppsetting av vegnamn-skilt. Gjennomføring blei noko forsinka, som fylgje av at plankontoret fekk mykje ekstra-arbeid med eigedomstaksring. Arbeidet er godt i gang, men det er ikkje påløpt nokon kostnader før årsskifte. Heile løyvinga på kr 250.000 står derfor unytta, og vil bli vurdert vidareført i 2016.

0565 Skilleveggar i garderobar i Fleirbrukshuset

Det var i budsjett 2015 avsett kr 250.000 til prosjektet. Det er nå fullført til ein kostnad kr 116.000 under budsjett. Det blei i 2. tertial gitt signal om at kostnad ville bli under ramme, men avviket må likevel forklarast med eit litt overflåtisk kostnadsoverslag som grunnlag for å utarbeide budsjett for prosjektet.

0566 – Utbyggingsavtale – Naurak – felt 1

Prosjektet hadde sin oppstart i 2014, med innbetaling av anleggsbidrag på kr 380.000 frå Ugstad Eiendom og tilsvarende utgift. I 2015 er det innbetalt kr 550.000 i anleggsbidrag og det står at kr 112.000 som vil bli innbetalt i 2016.

0567 Utskifting av PC-park

I 1.tertial vart det etablert eit investeringsprosjekt for utskifting av alle PC'ar som ennå har operativsystemet XP, med ei ramme på 275.000. Microsoft har slutta å støtte dette, og dei fleste PC'ane det gjeld er 6-9 år gamle. Maskinene er kjøpt inn, og sett ut i drift. Prosjektet avslutta med eit meirforbruk på kr 1.000.

0568 Ny bil til heimesjukepleia

Kommunestyret vedtok i k-sak 28/15 at innkjøp av ny bil til heimesjukepleia skulle innarbeidast i 1.tertial, med ei kostnadsramme på kr 300.000 (inkl. mva). Bilen er kjøpt inn, og kosta kr 282.000. Prosjektet gjort opp med eit mindreforbruk på kr 18.000

0569 Flyktningbustad

I medhald av kommunestyret sitt vedtak om å busette flyktingar, og vedteken plan for busetting og integrering av flyktingar i Nissedal kommune, kjøpte kommunen einebustaden 33/125,145 i Solås bustadfelt. Avsett sum var kr 1.482.000. Kjøpesum med tillegg av offentlege avgifter var kr 1.334.000. I tillegg var det behov for noko oppgradering. Husbanken har løyvd tilskot til kjøp av bustaden. I løpet av sommaren har kommunen også fått godkjent dei to prøvebustadane i Kåsa-Solli som bustader til flyktingar, og Husbanken har då løyvd tilskot også til desse for å omgjere dei til flyktingbustader. Til saman utløyser dette kr 1.645.000 i tilskot. Prosjektet er avslutta kr 99.000 under budsjetttramma.

0570 Inventar og utstyr til vaksenopplæringa

Ved etablering av vaksenopplæringa i noverande lokaler var det behov for nytt inventar/utstyr. I 1. tertial blei det løyva kr 238.000 til dette formålet. Utstyret er kjøpt inn og prosjektet er avslutta kr 68.000 under ramma.

0571 Skatepark – Kyrkjebygda – trinn 2

Dette er, på same måte som trinn 1, eit samarbeidsprosjekt med Nissedal idrettslag. Prosjektet vedteke i 2. tertial med ei ramme på kr 380.000. Anlegget er offisielt opna og teke i bruk, men det gjenstår noko arbeid m.a. kring lys. Prosjektet vil bli slutført i 2016 og gjenstående ramme på kr 124.000 vil bli vurdert vidareført i 2016.

0578 Omlegging kloakkledning Landvik-Treungen RA

Dette er eit prosjekt som er sett opp i budsjett 2016, med ei ramme på 1,3 mill. I høve til prosjektering av dette prosjektet kom det rekning på konsulentarbeid utført før årsskifte, som då skal førast på 2015-budsjettet. Her var det ikkje avsett budsjetttramme på dette prosjektet, og det blir då eit meirforbruk på kr 53.000 på dette prosjektet.

Gautefallheia VA (0525, 0532, 0533, 0534, 0535, 0536, 0537, 0538)

Dei prosjekta dette gjeld, er i intern oppfølging vurdert å vere styret sitt ansvar innafor ei samla kostnadsramme vedteke av kommunestyra i Nissedal og Drangedal. Det er såleis den samla kostnadsramma, og endring av denne, kommunestyret har teke stilling til i sine budsjett-vedtak, og ikkje korleis styret har innretta sitt interne budsjett for prosjekt-oppfølging. Styret for Gautefallheia VA vedtok i sitt møte 02.09.15 ein økonomisk rapport, som i sum reduserte Nissedal kommune sine kostnader i 2015, med kr 1.618.000. Reduksjonen i kostnad er i stor grad at ein har teke høgde for uføresette moment, som i sum ikkje er så kostnadsdrivande som estimert. Etter planen skulle alle anlegg vore ferdigstillt ved årsskifte. Dette klarte ein ikkje fullt ut og ein vil måtte bruke vinteren/våren for å kunne slutføre prosjekta. Av løyvd ramme på 79,6 mill. står det att 3,3 mill. som vil bli vurdert vidareført i 2016.

Oppsummert

Investeringsrekneskapen for 2015 er gjort opp i balanse. Men ser ein løyvd ramme (38,8 mill.), opp mot sum utgifter (33,5 mill.) ser ein eit samla mindreforbruk på 5,3 mill. Dette utgjør eit avvik på 13,7%. Dette er i hovudsak knyt til VA-Gautefall (3,3 mill.) og miljøretta helse – skulebygg (1,5 mill.). Både desse prosjekta kan avviket i all hovudsak forklarast med progresjon. Ein la til grunn i august/september at desse prosjekta skulle slutførast i løpet av hausten, men av ulike årsaker haldt ikkje tidsplanen. I 2015 var det ingen justering av investeringsbudsjettet etter 2. tertial. Dette har nok og medverka til at avviket i 2015 blei noko høgare enn tidlegare år.

Av sum finansiering på 23 mill. er 22,3 mill. bruk av lån. Med andre ord er investeringane i 2015 finansiert 97% med lån.

4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)

Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 10,1% frå 2014 til 2015. Dette mot 0,4% frå 2013 til 2014. I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Men det gjev likevel eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune har hatt ein stor betring frå 2014 til 2015. Veksten i inntekter i kroner utgjer 15,2 mill. og er i hovudsak knyt til eigedomsskatt (5,6 mill.), andre statlege overføringar (3,4 mill.) som er integreringstilskot flyktningar, sal- og leieinntekter (3,3 mill.) som i hovudsak kan knytast til tilkoplingsavg. VA og rammetilskot (3 mill.).

Driftsutgiftene har auka med 6,7 mill. frå 2014 til 2015. Lønskostnadene gjekk opp frå 2014 til 2015, med 3,3 mill. Likevel gjekk dei sosiale kostnadene (pensjon) ørlite ned. Dette syner ein positiv (og forventa) positive utvikling av pensjonskostnadene.

Som ein ser har inntektene ein sterkare vekst enn utgiftene og dette gjer til eit positivt netto driftsresultat på kr 6.851.000, som er ei klar forbetring i høve til 2014. Då var netto driftsresultat negativt på kr 55.000. Netto driftsresultat var i 2015 4,1%. Ein klarer då å "oppfylle" normtalet på 1,75% av driftsinntektene, med god margin. Dette er svært positivt med tanke på at kommunen over tid har svekka sin "formue" ved at dei siste åra har hatt eit svakt netto driftsresultat som er blitt kompensert med bruk av disposisjonsfond, slik at sum disposisjonsfond ved inngangen til 2015 var 0.

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.566.000 vert kommentert under.

Rekneskapsskjema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter

Sentrale inntekter

Skatteinngangen var tema både i 1. tertial og 2. tertial. Totalt blei skatteinngangen justert ned med 3,5 mill. til 29,3 mill. Dette blei dels kompensert med budsjettert auke i rammetilskot på 2 mill. God skatteinngang i november/desember gav til slutt skatteinntekter på 1,9 mill. over budsjett (inkl. naturressrusskatt). Rammetilskot blei og over budsjett. Denne veksten i skatteinntekter gav at rammetilskotet blei 0,8 mill. under budsjett.

I budsjettet var det lagt til grunn 15,6 mill. i eigedomsskatt. Anslaget blei justert ned på hus/hytter med 0,4 mill. og opp på næring/verk&bruk med 0,7 mill. Rekneskapen synte ein inngang på 0,1 mill. over budsjett, der hovudtyngda av meirinntekta var på hus/hytter.

Integreringstilskotet blei i tertialkontrollane sett til 3,4 mill. som stemte særst godt med kva tilskotet blei på.

Totalt blei sentrale inntekter på 1,2 mill. meir enn budsjettert.

Netto finansinntekter/-utgifter

På bakgrunn av at ein i tertialkontrollane la til grunn svikt i skatteinngang blei dette dels dekkja inn ved å utsetje avdrag på lån. Totalt blei budsjetterte avdrag redusert med 1 mill. for å dekke opp for inntektssvikt på andre område. Rekneskapen synte at betalte avdrag blei kr 65.000 under budsjett. Dette avviket heng saman med ekstraordinære avdrag på gamal ordning med formidlingslån mot slutten av året. Desse innbetalingane verkar inn på kva som blir utgiftsført i drifta av avdrag.

På bakgrunn av nedgang i lånerenta gjennom heile 2015, blei budsjetterte renteutgifter justert ned med kr 150.000. Rekneskapen synte ei likevel ei mindretgift på kr 186.000 i

høve til lånerenter. Utbytte frå VTK blei justert ned med kr 250.000 til 0,5 mill. Dette skuldast ei feilbudsjettering i opphavleg budsjett. Det blei og gjort ei mindre nedjustering (kr 34.000) av renteinntekter i tertialkontrollane. Rekneskapen synte godt samsvar med budsjett på renteinntekter/utbytte.

I sum har netto finansutgifter/-inntekter eit mindreforbruk på kr 0,3 mill.

Netto avsetnader

Det var budsjettert med å dekke inn tidlegare års meirforbruk frå 2013 og 2014 på kr 0,8 mill. Dette er gjort jf. budsjett. Totalt gir "Rammeområde 2 - sentrale inntekter, renter og avdrag" eit mindreforbruk/meirinntekter på 1,5 mill.

Til fordeling drift

Til fordeling drift (frå skjema 1B) syner eit mindre forbruk i høve til tildelt ramme og faktisk forbruk på 2,2 mill. Med andre har rammeområda (einingane) til saman brukt mindre enn kva budsjettet gav. Ein kan peike på innkjøpsstopp og kritisk vurdering ledige stillingar som blei innført hausten 2015 og lågare pensjonsutgifter enn kva som låg til grunn i budsjettgrunnlaget. Men dette er nok langt frå dei viktigaste forklaringane. Bakgrunn for avvika mellom ramme og forbruk på dei ulike rammeområda, vert kommentert under.

Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Dei største endringane og avvika vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Rådmannen fremmar eiga sak etter at rekneskapet er godkjent, som gjer ei nærare vurdering av det enkelte rammeområde sitt rekneskapsresultat. I 2. tertial blei den økonomiske situasjonen vurdert som pressa og ein fann ikkje konkrete tiltak for å redusere ramma. På den bakgrunn blei rammene til dei fleste einingane redusert med eit generelt kutt.

Felles

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke ramme barnevern kr 1.355.000
- Reduksjon ramme lønspott kr 425.000
- Generelt kutt kr 200.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 650.000. Dette kan knytast fylgjande moment:

- Barnevern fekk eit mindreforbruk på kr 251.000
- Udisponert del av sentral lønspott kr 121.000
- Meirinntekter konsesjonskraft på kr 440.000

Som det går fram under oversikt budsjettendringar, blei budsjettet for barnevern styrka både i 1. og 2. tertial. Men utgiftene til tiltak blei til slutt kr 251.000 under justert budsjett. I høve til konsesjonskraft blei oppgjer/overskot frå 2014 kr 344.000 høgare enn lagt til grunn i budsjett. Budsjettet blei ikkje korrigert for dette og det blei av den årsak ei meirinntekt her.

Av moment som "dreg andre vegen" kan nemnast, meirkostnad overføring landbrukskontoret kr 128.000. Denne auken i kostnad skuldast ei endring av i personalet ved landbrukskontoret, som ikkje blei fanga opp ved utarbeiding/endring av budsjettet. Underdekning på budsjettet her blei først avdekt då kravet frå Kviteseid for refusjon for heile året kom rett etter årsskifte. I tillegg kjem at ein har funne inndeckning for kostnader til taksering på kr 745.000. Det var ikkje avsett medel til dette i budsjettet. Vakante stillingar og andre omprioriteringar har gitt inndeckning for denne utgifta.

Eining for skule

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke inntektsoverslag SFO kr 50.000
- Reduksjon av skyssutgifter kr 50.000
- Etablering av vaksenopplæring for flyktningar kr 286.000
- Auke i statstilskot til vaksenopplæring kr 224.000
- Styrking skule for flyktningar kr 243.000
- Kjøp av utstyr gjort i inv.budsjett, red. driftsramme kr 100.000
- Generelt kutt kr 680.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 917.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Tilskot vaksenopplæring kr 487.000 over budsjett.
- Lønnskostnader kr 289.000 under budsjett.

Gjennom året har det vore stor usikkerhet om kva tilskot dagens aktivitet på vaksenopplæringa utløyser. Budsjettet la til slutt til grunn eit for lågt tilskot. I høve til lønnskostnader er dette fordelt ut på heile eininga, men storparten (kr 234.000) kan knytast til lågare pensjonskostnader enn kva budsjettet la til grunn.

Eining for barnehage

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reduksjon av ramme, ledige lønsmiddel kr 50.000
- Spes.ped.tiltak for born i fosterheim kr 25.000
- Flyktningar i barnehagen kr 120.000
- Generelt kutt kr 50.000

Eining for barnehage har eit mindreforbruk på kr 229.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på div. driftspostar kr 158.000
- Mindre forbruk på løn kr 50.000

På bakgrunn av innkjøpsstopp er mange innkjøp/oppgraderingar ikkje blitt gjennomført hausten 2015 og blitt utsatt til 2016. Dette er medverkande til at det er blitt eit mindreforbruk på ulike driftspostar. På lønsutgiftene er det reelle mindreforbruket høgare enn talet over syner. Lønsmedel er omdisponert til andre formål (sjå kommentar under). Eininga har gjennom året gjort omprioriteringar og dekt opp for meirutgifter til spesialpedagogiske tiltak for born i fosterheim, med kr 100.000 (totalkostnad kr 125.000). Omlegging av regelverk kring eigenbetaling gjorde til reduserte inntekter på kr 80.000. Dette er og dekt inn innafør ramma. Inndekning er funne ved vakanser/ledige lønsmedel.

Eining for kultur

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Drift av flyktningkontoret kr 945.000
- Auke i introduksjonsstønad p.g.a. fleire flyktningar kr 313.000

Eining for kultur har eit mindreforbruk på kr 53.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på flyktningar kr 88.000
- Meirinntekt/mindreforbruk musikk og kulturskulen kr 42.000

Mindreforbruket for flyktningar kjem på bakgrunn av at kostnadene til introduksjonsløn blei mindre enn kva budsjettet tok høgde for. På musikk og kulturskulen blei inntektene høgare enn budsjett, særleg på bakgrunn av mange deltakarar på dansekurs. Fleire andre område innan eininga hadde eit meirforbruk.

Eining for helse og habilitering

Dei viktigaste endringane som gjaldt heile eininga gjennom året var:

- Lønsmedel 10% vakant jordmorstilling trekt inn kr 63.000
- Unyttamidlar på legekantoret trekt inn kr 60.000
- Utvida kjøp av VTA-plassar på Kvito kr 230.000
- Generelt kutt kr 200.000

Eining for helse og habilitering har eit mindreforbruk på kr 888.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirinntekter på legekantoret kr 367.000
- Mindreforbruk løn Kåsa kr 486.000

Mindreforbruket på løn på Kåsa heng saman med endring av arbeidsplan gjennom året. Det er verdt å merke seg at sjølv om forbruk løn på Kåsa var nær 0,5 mill. under budsjett, så blei likevel tilskott ressurskrevjande brukarar omlag som budsjett.

Eining for omsorg

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av ramme inntektssvikt opphaldsbetaling kr 100.000
- Generell styrking kr 70.000

Eininga har eit mindreforbruk på kr 3.000.

Ordninga med kommunal medfinansiering i høve til samhandlingsreforma blei teke bort att i 2015. Men det kom ei avrekning seinhaustes 2015 i høve til 2014 som gav ei ubudsjettert inntekt på kr 171.000. Eininga hadde eit meirforbruk på løn på kr 283.000. Eininga hadde då i 2. halvår gjort fleire tiltak for å redusere lønskostnadene, som å halde stillingar vakante og redusere vikarinntaket. Men innsparing på andre postar og den ubudsjetterte tilbakebetalinga i høve til KMF, gjorde til at eininga kom omlag i balanse.

Eining for teknisk drift

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Red. av ramme i høve til auke i bruk av kraftfond kr 50.000
- Red. av ramme p.g.a. overf. av lønskostnader investering kr 100.000
- Red. av ramme mindretgifter brann-førebyggande kr 50.000
- Generelt kutt kr 50.000

Eininga har eit meirforbruk på kr 166.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreinntekter kommunale bustader kr 86.000
- Drift kommunale vegar og Fjoneferja over budsjett kr 289.000

På bakgrunn at dei nye prøvebustadene stod ledige i lengre tid, fritak for husleige til ein næringsdrivande og brann i ein kommunal bustad blei leigeinntektene lågare enn budsjett. På kommunale vegar er meirforbruket m.a. årsaka av skader på grusvegar etter ekstremveret "Petra" (kr 70.000) og ekstraordinært vedlikehald på Fjoneferja (kr 110.000). I tillegg blei det inngått nye fastprisavtaler på vintervedlikehald, som utgjorde ein auke i kostnad på kr 90.000 i 2015 (kr 270.000 heilårsverknad).

På bakgrunn av større overføring av lønskostnader til sjølvkost/investering enn budsjettet la til grunn, utsetjing av radon-førebyggande tiltak og innsparing/utsetjing av andre FDV-utgifter har gjort til at mindreforbruket er redusert.

Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Auke av ramme p.g.a utsatte avskrivningar – nye berekningar kr 742.000

Sjølvkostområdet VA har eit meirforbruk på kr 189.000.

Netto negativ ramme på dette området skal dekke kalkulatoriske avskrivningar, renter og indirekte kostnader. På bakgrunn av lågare rentenivå, og forseinka framdrift på investeringsprosjekta, som gjev seinare tidspunkt for avskrivningar måtte ramma styrkast med kr 742.000. Då ein gjorde nye berekningar kring dette, syntet seg i ettertid at føresetnadene hadde vore noko optimistiske, då dette er årsaken til meirforbruket på området.

Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auka gebyrinntekter kr 200.000.

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 245.000.

Mindreforbruket til Plankontoret kjem i all hovudsak frå auke i gebyrinntekter, utover justert budsjett. Den største veksten (avvika) er på plangebyr og oppmålingsgebyr. Utleige av arbeidskraft og inntektsføring av planproduksjon i eigenregi har og bidrege til meirinntektene.

Ymse prosjekt

Rammeområdet omfattar Trygge Nissedal og Frivilligsentralen og "tilfeldige prosjekt".

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reduksjon av ramme – avvikling av kommunal frivilligsentral kr 50.000
- Reduksjon av ramme – Folkehelsekoordinator vakant kr 30.000
- Reduksjon av ramme – Ledige medel motorsportsenter kr 43.000

Området har eit mindreforbruk på kr 30.000.

Mindreforbruket er årsaka av at effekten av vakant stilling folkehelsekoordinator blei noko større enn budsjettert og det same gjeld ledige medel på prosjekt motorsportsenter.

Lokalt NAV-kontor

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av ramme sosialstønad kr 600.000

NAV har eit meirforbruk på kr 538.000.

Meirforbruket kan i all hovudsak knytast til at utgifter til sosialstønad blei meir enn justert budsjett la til grunn.

Næring/reiseliv

Alle utgifter innan dette er i utgangspunktet finansiering med øyremarka midlar frå diverse næringsfond.

Eit meirforbruk på kr 6.000 skuldast høg aktivitet innan prosjekt "Telemarksvegen", som ikkje hadde dekning på eige fond for sine utgifter i 2015.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 28,6 mill. Dette er ein nedgang på 0,3 mill. frå 2014. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 136 mill. mot 127 mill. i 2014.

Utvikling av lånegjeld

| Alle tal i tusen | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|--------------------|--------|--------|--------|---------|---------|
| Husbanken | 2 750 | 3 311 | 3 860 | 4 358 | 4 841 |
| Sparebanken Sør | 5 494 | 4 794 | 4 094 | 4 094 | 4 094 |
| Kommunalbanken | 43 732 | 52 656 | 65 195 | 94 753 | 104 362 |
| KLP Kommunekreditt | 12 000 | 11 250 | 10 500 | 9 750 | 9 375 |
| KLP | 17 000 | 16 000 | 15 000 | 14 000 | 13 252 |
| Totalt: | 80 976 | 88 011 | 98 649 | 126 955 | 135 924 |

Auken i lånegjeld siste 5 år er i all hovdesak knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100 % dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra blitt hovudbank på innlån for kommunen.

5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

| Alle tal i 1000 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Arbeidskapital | 29 905 | 33 569 | 35 456 | 41 606 | 40 367 |

Arbeidskapitalen har i 2015 blitt redusert med 1,2 mill. Dette til tross for at rekneskapen for 2015 har eit strekt forbetra netto driftsresultat. Dette heng saman med stor nedgang i ledige lånemedel (7,9 mill.). Det er inngått avtale om binding på innskot på 11 mill. Dette påverkar "reell" arbeidskapital, slik at likviditet nå til tider kan vere eit tema, og ein må nå i større grad taka opp lån i forkant av investeringane.

5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringsystemet)

| Alle tal i 1000 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|-----------------|------|------|------|------|-------|
| Sum restanse | 360 | 240 | 476 | 420 | 1 177 |
| Eldre enn 6 mnd | 74 | 27 | 12 | 45 | 28 |

Restansar totalt er auka med kr 757.000, mens eldre enn 6 mnd. er redusert med kr 17.000. Skuldig sum fordeler seg til kommunale avgifter med kr 638.000, husleige/div. teknisk drift kr 21 000, barnehage/SFO kr 43.000, legerekningar kr 16.000 omsorg/Kåsa kr 9.000, kultur kr 6.000, diverse 2.000 og gebyr plankontoret kr 440.000. Den store auken i restansar skuldast omlegging av terminar til 3 terminar i 2015. 3. termin forfall til betaling 20.12.15. Ved nyttår var denne terminen ikkje purra eller gjort nokon innfordringstiltak på. Dette i motsetning til 2014 der siste termin forfall i oktober og det meste var innfordra ved årsskifte. I tillegg var det sendt ut rekning på eit anleggsbidrag på kr 400.000, som forfall rett før nyttår. Desse to momenta forklarar auke i restansar totalt.

Det som er særst viktig er utviklinga på eldre restansar og her er det ein positiv utvikling frå 2014 til 2015. Det at det står att berre kr 28.000 sett saman med at avskrivning av krav var 36.000 viser at kommunen driv eit effektivt arbeid i høve til å få inn utsendte krav.

5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|--------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Bundne driftsfond | 19 252 | 21 786 | 22 524 | 24 277 | 26 760 |
| Ubundne investeringsfond | 0 | 522 | 1 501 | 2 244 | 2 179 |
| Bundne investeringsfond | 780 | 319 | 229 | 452 | 338 |
| Disposisjonsfond | 2 114 | 4 181 | 1 074 | 0 | 0 |
| SUM | 22 146 | 26 808 | 25 328 | 26 973 | 29 277 |

Tabellen syner at samla fondsbeholdning har auka med 2,3 mill. Dette er knytt til bundne driftsfond. Samstundes ser ein at disposisjonsfond er 0, på same måte som i 2014. Dette gjer kommunen dårlegare rusta å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har framleis ei stor fondsmasse der kraftfond utgjer "hovudtyngda".

6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp to nye lån på til saman 13,7 mill. i Kommunalbanken knytt til vedtekne investeringar. Det vart og lånt 0.75 mill. i Husbanken knytt til Startlånsordninga.

rapportering for passiva:

| | 31.12.2015 | | |
|---------------------------------------|-----------------|-------|------|
| | Mill. kr | % | Dur. |
| Lån med pt rente (vekta gj.sn.) | 136 mill. | 1,65% | |
| Lån med 3 mnd. NIBOR | 0 | | |
| Lån med fast rente | 0 | | |
| Finansiell leasing | 0 | | |
| Samla langsiktig gjeld | 136 mill. | | |
| Effektiv rente (vekta gj.sn.) | 1,65% | | |
| Avkastning (kostnad benchmark (ST4X)) | (ikkje aktuelt) | | |
| Tal på enkeltlån | 11 | | |
| Største enkeltlån | 91 mill. | | |

Rapportering for midlar til driftsføremål:

| | 31.12.2015 | | |
|---|--------------------------|-------|------|
| | Mill. kr | % | Dur. |
| Innskot hjå hovudbank | 40,3 | 1,69% | |
| Innskot andre bankar | 0 | | |
| Samla kortsiktig likv. | 0 | | |
| Avkastning 2015 | 0,53 | | |
| Avkastning ref. indeks (ST1X) | Ukjent | | |
| Stadfesting av enkeltteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital | Ikkje aktuelt | | |
| Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid. | Ikkje aktuelt | | |
| Største tidsinnskot | 11,5 mill. (1,7% gj.sn.) | | |
| Største enkeltpapirplassering | Ikkje aktuelt | | |

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansreglement opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2015 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

7. Aktivitetsnivået på utvalde område:

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|------------------|--------------------|------------------|-------------------|-------------------|-------------------------|
| Kommunestyresaker (m) | 91(11) | 120(14) | 83(9) | 81(9) | 104(8) | 108(10) |
| Formannskapssaker (m) | 159(14) | 152(17) | 151(15) | 132(14) | 165(15) | 125(13) |
| Administrasjonsutv.s.(m) | 9(3) | 17(6) | 16(7) | 12(4) | 10(5) | 3(2) |
| Arbeidsmiljøutv.s.(m) | 29(7) | 39(10) | 30(10) | 32(10) | 30(8) | 15(5) |
| Kontrollutvalsaker (m) | 28(6) | 21(3) | 23(4) | 20(4) | 20(4) | 23(4) |
| Besøktal | 2.443 | 1.704 | 1.725 | 1.707 | 1.717 | 1.964 |
| Turistinformasjon | | | | | | |
| Elevtal grunnskule | 160 | 164 | 150 | 151 | 144 | 155 |
| Årstimar til undervisning | 14.537 | 14.656 | 13.552 | 16.631 | 13.528 | 15.149 |
| Barnehageborn | 65 | 66 | 79 | 77 | 85 | 82 |
| Bokutlån | 4.338 | 4.445 | 4.492 | 5.333 | 5.607 | 6.603 |
| Besøk biblioteket | 6.622 | 6.707 | 6.162 | 6.424 | 6.610 | 6.918 |
| Kultur- og musikkskulen t/v | 14,25 | 15,6 | 16,25 | 18,24 | 20,8 | 22,8 |
| Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg frå 2012) | 38 | 43 | 47 | 53 | 50 | 55(+52 danserar i 6mnd) |
| Kulturskuletimen | | | | 45 | 45 | 25 |
| Vedtak pleie og omsorg | 216 | 160 | 167 | 190 | 162 | 206 |
| Barnevernstiltak (tal på barn) | 10 | 14 | 16 | 24 | 20 | 13 |
| - NOS 19 plass+1akutttrom | Sal av plassar | Sal av plassar | Sal av plassar | Sal av plassar | Sal av plassar | Sal av plassar |
| - Veker med < 20 senger | 93 døgn (4 pas.) | 471 døgn (14 pas.) | 35 døgn (2 pas.) | 160 døgn (4 pas.) | 185 døgn (4 pas.) | 3 døgn (1 pas.) |
| - Veker med 20 senger | | | | | | |
| - Veker med 21 senger | | | | | | |
| - Veker med 22 senger | | | | | | |
| - Veker med 23 senger | | | | | | |
| - Veker med 24 senger&m. | | | | | | |
| Liggedøgnsstatistikk. | 95,68% | 95,92% | 86,57% | 96,95% | 95,00% | 104% |
| Dødsfall på institusjonen | 13 | 12 | 11 | 13 | 11 | 10 |
| - Brukarar som mottar heimesjukepleie (tala inkl. frå 2012 psy.helse) | 38 | 35 | 34 | 62 | 63 | 73 |
| Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20-3 og 20-4 | 96 | 144 | 132 | 102 | 95 | 118 |
| Brannutrykkingar | 14 | 11 | 15 | 8 | 5 | 16 |
| - Nye frådellingar | 84 | 104 | 81 | 84 | 46 | 91 |
| - Godkjente reguleringsplanar | 5 | 2 | 4 | 0 | 4 | 3 |

Talet på både kommunestyresaker og formannskapssaker har dei siste åtte åra vore relativt stabilt, men gjekk for formannskapet ned i 2015. Talet på elevar i grunnskulen gjekk i 2015 opp etter nedgang i fleire år.

8. Likestilling

8.1 Kjønnsfordeling

| Kjønnsfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining) | 2013 | | 2014 | | 2015 | |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, plansjef, NAV-leiar, Ikt-/rekneskapssjef - inngår og i tala under) | 46,2% | 53,8% | 33,3% | 66,7% | 36,36% | 63,64% |
| Felles/rådmann/ordfører/ tillitsvalte | 69,6% | 30,4% | 69,6% | 30,4% | 63,16% | 36,84% |
| Eining for skule | 68,2% | 31,8% | 71,0% | 29,0% | 69,77% | 30,23% |
| Eining for barnehage | 100,0% | 0,0% | 96,9% | 3,1% | 96,67% | 3,33% |
| Eining for kultur | 37,5% | 62,5% | 37,5 % | 62,5 % | 41,67% | 58,33% |
| Eining for helse og habillitering | 80,0% | 20,0% | 76,9% | 23,1% | 79,31% | 20,69% |
| Eining for omsorg | 100,0% | 0,0% | 100,0% | 0,0% | 100,00% | 0,00% |
| Eining for teknisk drift | 29,4% | 70,6% | 26,7% | 73,3% | 25,00% | 75,00% |
| Plankontor | 33,3% | 66,7% | 33,3% | 66,7% | 33,33% | 66,67% |
| Totalt heile kommunen | 75,0% | 25,0% | 75,2% | 24,8% | 73,75% | 26,25% |

(Tilsette i NAV har sitt tilsetjingsforhold i staten)

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjer fleirtalet. På kultur, teknisk og plankontoret er det overvekt av menn. Dette er nok i grove trekk same bilete som i dei fleste kommunar i landet. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskild fordeling. I den grad ei 50/50 fordeling mellom kjønn er målet, har ein frå 2013 gjort eit lite steg i rett retning, når ein ser heile kommunen under eitt. Ein kan peike på helse/habillitering, der delen av mannlege tilsette har auka noko. Kommunen kan bli betre til å oppmode menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal. Me har ei bevisst haldning til likestilling i høve til kjønn, og vil framleis overvake og søke å treffe naudsynte tiltak for å fremje likestilling mellom kjønna.

8.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

| Timar: | 2013 | | 2014 | | 2015 | |
|-----------------------------------|--------------|----------------|--------------|----------------|--------------|----------------|
| | Overtid | Ubkv. arb. tid | Overtid | Ubkv. arb. tid | Overtid | Ubkv. arb. tid |
| Felles/rådm./till.v./ordf/næring | 33 | 65 | 4 | 47 | 37 | 99 |
| Eining for skule | 82 | 90 | 5 | 72 | 0 | 13 |
| Eining for barnehage | 1 | 964 | 5 | 795 | 36 | 818 |
| Eining for kultur | 0 | 974 | 0 | 806 | 0 | 943 |
| Eining for helse og habillitering | 1.587 | 35.077 | 285 | 32.724 | 268 | 32.329 |
| Eining for omsorg | 1.278 | 38.051 | 791 | 39.313 | 924 | 36.822 |
| Eining for teknisk drift | 714 | 0 | 816 | 0 | 562 | 0 |
| Plankontor | 48 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Totalt heile kommunen | 3.742 | 75.221 | 1.906 | 73.757 | 1.827 | 71.024 |

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein betydeleg nedgang i bruk av overtid, spesielt i eining for helse og habillitering, men og i omsorg og teknisk. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

8.3 Lønsnivå

| Lønsnivå – Kjønn | 2013 | | 2014 | | 2015 | |
|----------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Felles/rådm./till.v./ordf. | Kr 408 825 | Kr 654 371 | Kr 406 531 | Kr 675 714 | Kr 414 467 | Kr 652 557 |
| Eining for skule | Kr 436 167 | Kr 428 571 | Kr 458 367 | Kr 488 909 | Kr 470 440 | Kr 493 085 |
| Eining for barnehage | Kr 385 597 | - | Kr 392 355 | Kr 273 700 | Kr 410 824 | Kr 283 000 |
| Eining for kultur | Kr 418 567 | Kr 430 700 | Kr 461 333 | Kr 447 180 | Kr 451 160 | Kr 445 429 |
| Eining for helse og hab. | Kr 395 000 | Kr 434 545 | Kr 402 050 | Kr 498 350 | Kr 406 333 | Kr 488 208 |
| Eining for omsorg | Kr 382 298 | - | Kr 399 293 | - | Kr 402 627 | - |
| Eining for teknisk drift | Kr 351 810 | Kr 395 663 | Kr 371 150 | Kr 415 768 | Kr 382 075 | Kr 437 250 |
| Plankontor | Kr 429 950 | Kr 523 750 | Kr 454 000 | Kr 542 500 | Kr 465 900 | Kr 558 000 |
| Tot. heile kommunen | Kr 395 602 | Kr 447 769 | Kr 408 210 | Kr 482 495 | Kr 417 231 | Kr 499 447 |

Tala er berekna utifrå årsløn i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrast av, og lønsnivået heng då direkte saman med ei konkret stilling. Lønsnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. Menn er betydeleg overrepresentert blant ingeniørar, og kvinner er betydeleg overrepresentert blant ufaglærte, assistentar og hjelpepleiarar.

8.4 Stillingsbrøk

| Stillingsbrøk – Kjønn | 2013 | | 2014 | | 2015 | |
|----------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Felles/rådm./till.v./ordf. | 55,1% | 71,1% | 57,5% | 71,1% | 55,9% | 79,6% |
| Eining for skule | 71,9% | 71,5% | 89,7% | 86,4% | 82,5% | 78,6% |
| Eining for barnehage | 77,7% | - | 76,2% | 100% | 80,7% | 100% |
| Eining for kultur | 43,0% | 32,4% | 43,0% | 32,4% | 45,4% | 32,4% |
| Eining for helse og habilitering | 70,2% | 67,6% | 69,8% | 72,8% | 62,2% | 67,0% |
| Eining for omsorg | 61,7% | - | 62,6% | - | 63,0% | - |
| Eining for teknisk drift | 66,3% | 30,2% | 81,1% | 28,3% | 80,6% | 30,9% |
| Plankontor | 97,5% | 100% | 97,5% | 100% | 97,5% | 100% |
| Tot. heile kommunen | 67,3% | 52,5% | 70,7% | 58,2% | 68,7% | 56,6% |

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er **65,6%**. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Dette må sjåast i samanheng med deltidsbrannvesenet, som har 17 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette vil biletet forandre seg slik at det likevel er kvinner som jobbar mest deltid. I perioden har gjennomsnittleg stillings-% auka noko for kvinner og for menn er det blitt redusert. Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

8.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

Etter at felles opplæringspott stroke blei stroke i budsjettet for 2014, var dette tilbake i budsjettet for 2015 med kr 350.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 1/15 slik:

Eining for barnehage kr 45.000
 Eining for skule kr 130.000
 Eining for teknisk kr 80.000
 Eining for helse og habilitering kr 45.000
 Eining for omsorg kr 50.000

Totalt blei det brukt kr 622.000 til opplæring/kurs totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet 1 mill. Noko av dette avviket kan knytast til innført innkjøpsstopp.

8.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finst det fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m., og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekte rekrutteringsstrategiar.

9. Fråvær

| Sjukefråvær: | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Felles/rådm./till.v./ordf. | 3,24% | 1,91% | 3,29% | 3,07% | 7,22% |
| Eining for skule | 7,12% | 3,52% | 5,14% | 3,27% | 2,76% |
| Eining for barnehage | 7,76% | 11,24% | 7,24% | 9,29% | 8,94% |
| Eining for kultur | 0,15% | 4,36% | 0,93% | 3,32% | 1,03% |
| Eining for helse og hab. | 6,93% | 12,00% | 9,39% | 3,19% | 4,46% |
| Eining for omsorg | 6,80% | 6,87% | 7,14% | 6,84% | 9,26% |
| Eining for teknisk drift | 4,65% | 6,57% | 9,25% | 2,74% | 8,44% |
| Plankontor | 11,72% | 4,75% | 2,79% | 1,25% | 2,43% |
| Ymse prosjekt | 10,87% | 8,87% | 20,96% | 4,20% | 0,00% |
| Sjølvkost vatn/kloakk | 1,85% | 1,13% | 0,46% | 1,02% | 0,34% |
| Totalt heile kommunen | 6,60% | 7,77% | 6,94% | 4,86% | 5,92% |

Fråvær knytt til løna permisjonar for fagforeiningsarbeid (ikkje fast frikjøp), utdanning og politiske verv utgjorde 140 dagsverk (0,5 årsverk). Velferdspermisjonar utgjorde 245 dagsverk (ca. 0,9 årsverk).

Sjukefråværet har gått opp med over 1 prosentpoeng sidan 2014 og IA-målet om å kome ned på (eller under) 5%, er dermed ikkje oppnådd i 2015. Det er store avvik mellom einingane, og spesielt eining for barnehage og omsorg har eit høgt sjukefråvær. Men samanlikna med landssnittet for omsorgssektoren er fråværsprosent for omsorg likevel akseptabel.

10. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

11. Årsverk/løn/revisjon

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

| | 2013 | 2014 | 2015 | Utv. 2013-2015 |
|------------------------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Ordfører | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 0,00 |
| Rådmann/felles | 11,05 | 11,10 | 10,44 | -0,61 |
| Eining for skule | 32,98 | 31,68 | 34,13 | 1,15 |
| Eining for barnehage | 22,84 | 22,84 | 24,44 | 1,60 |
| Eining for kultur | 2,91 | 3,01 | 4,05 | 1,14 |
| Eining for helse og hab. | 41,38 | 38,90 | 37,27 | -4,11 |
| Eining for omsorg | 40,33 | 40,68 | 40,07 | -0,26 |
| Eining for teknisk drift | 13,88 | 13,88 | 14,02 | 0,14 |
| Plankontor | 5,95 | 5,95 | 5,95 | 0,00 |
| Ymse prosjekt | 0,70 | 0,70 | 0,00 | -0,70 |
| Totalt heile kommunen | 173,02 | 169,74 | 171,37 | -1,65 |

Talet på tilsette ligg etter måten høgt i Nissedal kommune og kan i grove trekk forklarast med ein desentralisert struktur, mange ressurskrevjande brukarar og mange tilsette innan eldreomsorg. Samanlikna med 2013 gjekk talet på tilsette ned, men samanlikna med 2014 er det ein vekst. I eit 10-årsperspektiv har det blitt om lag 42,5 fleire årsverk i kommunen.

Oversikt over løn toppløing:

Årleg godtgjersle til ordførar var kr 735.300, og utgjer 85 % av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Rådmannen si årsløn pr. 31.12. var kr 765.000.

Revisjon:

Utgifter til revisjon utgjorde kr 367.500 for 2015. I tillegg til revisjon av kommunerekneskapen dekker dette beløpet revisjon av fellesrådet, overformynderi og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje spesifisert fordeling mellom revisjon og rådgiving.

Utgifter til kontrollutval-sekretariat utgjorde kr 84.200 for 2015.

12. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Nissedal kommune har dei siste åra hatt for høgt driftsnivå i høve til inntektene, og ein har bruka avsette midlar på fond frå tidlegare år for å balansere driftsbudsjettet. Dette var i hovudsak bakgrunnen for å utvide verkeområdet for eigedomsskatt. Sjølv om bakgrunnen for at netto driftsresultat er blitt klart forbetra frå 2014 til 2015 er samansett, er det viktigaste enkeltmomentet eigedomsskatt. Ein ser at det nå er mykje betre samsvar mellom aktiviteten på dei ulike tenesteområda og inntektsgrunnlaget.

Sjølv om det må seiast å vere usikkerhet knyt til kva konsekvensar nytt inntektssystem vil ha for Nissedal, tyder høyringsutkastet på at det ikkje ligg noko dramatik i dette for Nissedal sin del.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost, men det er ei smertegrense for kor mykje ev. gebyra kan aukast. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene.

Utvidinga av eigedomsskatt gjev kommunen meir stabile og trygge inntekter, og økonomiplanen for 2016-2019 syner ei positiv utvikling. Totalt sett vurderer ein økonomien som stram, men under kontroll.

Sverre Sæter
Rådmann
Treungen 22. mars 2016

13. KOSTRA-TAL

Kommunane har sidan 2001 rapportert sin ressursinnsats på ulike tenesteområde. Saman med ulike demografiske opplysningar gjev dette kommunane høve til å samanlikne eigne prioriteringar, kvalitet og effektivitet med andre, og seg sjølv, over tid.

Kostra-tal vert ikkje nytta direkte i målstyringa i Nissedal, men er ein av mange kjelder til informasjon som leggjast til grunn i dei ulike økonomiprosessane. Dette avsnittet presenterer eit utval av samanlikningar med nokon tilhøyrande vurderingar, men det er i liten grad gjort analyser på det enkelte tenesteområde.

Når ein les og tolkar Kostra-tal er det viktig å ha med seg at i små kommunar kan store statistiske avvik skuldast relativt små og tilfeldige tal. Område der Kostra ennå ikkje gjev særleg god informasjon er m.a. ressursinnsats til personar med nedsett funksjonsevne i alderen 0-66 år. Ein ser også at ein del indikatorar måler ressursinnsats pr. brukar, utan å seie noko om omfang av teneste. Eit døme på dette er ressursinnsats pr. mottakar av heimetenester, som ikkje skil mellom 1 besøk pr. veke eller 5 besøk i døgnet.

Nissedal kommune er klassifisert blant kommunane "Små kommunar med høge bundne kostnader pr. innbyggjar – middels frie disponible inntekter", der m.a. også Hjartdal kommune er med.

Ein har også i 2015 vald å samanlikne eigne tal med to utvalde "referanse-kommunar", Åmli og Fyresdal, sjølv om desse ligg i gruppa "Små kommunar med høge bundne kostnader pr. innbyggjar – høge frie disponible inntekter".

For ytterlegare opplysningar visast det til SSB sine sider på <http://www.ssb.no/kostra/>.

13.1 Økonomiske rammevilkår og handlefridom

Det er ofte "frie disponible inntekter pr. innbyggjar" som vert nytta for å samanlikne handlefridomen til ein kommune. Frie inntekter inneheld rammetilskot, skatt på inntekt og formue, naturressursskatt og konsesjonsavgifter. Tabellen syner at desse inntektene er betydeleg høgare hjå "like kommunar", og går ein bak tala ser ein at det i hovudsak er høgare rammetilskot som er årsaka. Moglege årsaker til dette kan vere at ein del av kommunane er endå mindre enn Nissedal, slik at basistilskotet vert fordelt på færre innbyggjarar, tildeling av skjønntilskot eller befolkningsamansetnad.

| Tabell K1 – Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar (hovudsakleg rammetilskot og skatteinntekter) | | | | | |
|--|----------|-----------------|----------|--------|--------------------|
| Årstal | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
| 2011 | 54 764 | 61 510 | 56 210 | 58 052 | 42 636 |
| 2012 | 60 741 | 66 412 | 59 470 | 63 390 | 45 652 |
| 2013 | 61 291 | 68 471 | 65 082 | 65 982 | 47 407 |
| 2014 | 62 703 | 67 735 | 66 100 | 66 144 | 48 554 |
| 2015 | 65 204 | 69 320 | 65 332 | 66 450 | 49 762 |

13.2 Har Nissedal ein "sunn" økonomi ?

a) Brukar vi meir enn vi har til disposisjon ?

Eit uttalt normkrav for driftsresultat er at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 % av driftsinntektene. Eit slikt "avkastningskrav" er grunngeve med at kommunen sine verdier over tid ikkje skal bli mindre, og sidan det er avdrag på lån som representerer verdi-reduksjonen i driftsrekneskapet, og desse som regel er lågare enn avskrivningane, må ein ha eit "overskot" for å unngå å svekke realkapitalen.

| Tabell K2 – Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | | | | | |
|--|----------|-----------------|----------|-------|--------------------|
| | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
| 2011 | 3,3 % | 2,9 % | 10,4 % | 2,6 % | 1,8 % |
| 2012 | 4,4 % | 3,9 % | 10,6 % | 4,9 % | 2,6 % |
| 2013 | -1,8 % | 2,8 % | 4,8 % | 3,7 % | 2,4 % |
| 2014 | 0,0 % | 1,5 % | 5,7 % | 2,5 % | 1,1 % |
| 2015 | 4,1 % | 2,0 % | 1,4 % | 4,1 % | 2,7 % |

Etter to år med svake resultat har Nissedal i 2015 eit relativt godt resultat med 4,1 %. I dette ligg rett nok eit overskot innan vass- og avløpstenestene på 2,94 mill. som er sett av til bundne fond, men det ligg uansett over "normen" på 1,75 %.

b) "Skuvar vi belastninga føre oss" ?

| | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|------|----------|-----------------|----------|--------|--------------------|
| 2011 | 44 724 | 53 562 | 15 050 | 62 728 | 41 914 |
| 2012 | 50 513 | 58 486 | 12 138 | 82 322 | 44 032 |
| 2013 | 53 254 | 61 924 | 10 861 | 90 576 | 53 608 |
| 2014 | 69 473 | 55 850 | 16 434 | 89 621 | 49 756 |
| 2015 | 80 577 | 66 023 | 18 977 | 88 570 | 54 218 |

Netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka betydeleg dei siste åra. Her er det viktig å trekke fram at svært mykje av låneopptaka er nytta til investeringar innan VA-sektoren, og at ein ikkje nyttar dei frie inntektene til å finansiere kapitalkostnadene. At innbyggjarane uansett må finansiere kapitalkostnadene gjennom eignedomsavgiftene, vegast opp av vekst i abonnementsmassa. Det er også relevant å trekke fram at det ved utgangen av 2015 var omlag 7 mill. i unytta lånemidlar, som nyttast til å finansiere investeringar i 2016. Note 11 til rekneskapet syner at ein i 2015 hadde ei avdragsbelastning i driftsrekneskapet på omlag 1 mill. meir enn det Kommunelova (§50) stiller krav om. Samanlikningsgrunnlaget varierer ganske mykje her, og Fyresdal ligg oppsiktsvekkande lågt, og er vanskeleg å samanlikne seg med.

13.3 Prioritering

Ei enkel tilnærming er å sjå korleis ein nyttar dei midlane ein har til rådighet.

| | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|-------------------------------------|----------|-----------------|----------|--------|--------------------|
| Adm. og styring | 11,6 % | 13,4 % | 14,6 % | 10,9 % | 8,0 % |
| Barnehage | 13,0 % | 8,3 % | 7,7 % | 9,7 % | 14,7 % |
| Grunnskuleopplæring | 23,5 % | 22,2 % | 27,0 % | 19,9 % | 24,5 % |
| Helse og omsorg | 44,2 % | 41,2 % | 42,4 % | 36,0 % | 35,3 % |
| Sosialtenester | 3,5 % | 2,5 % | 0,4 % | 3,5 % | 5,3 % |
| Barnevern | 3,0 % | 2,0 % | 1,9 % | 5,3 % | 3,5 % |
| Vatn, avløp, renovasjon | -3,6 % | -0,8 % | -1,2 % | 0,5 % | -0,6 % |
| Fys.planl/kult.minne/natur/nærmiljø | 0,8 % | 1,3 % | 1,8 % | 1,7 % | 1,1 % |
| Kultur | 3,0 % | 2,8 % | 7,1 % | 3,2 % | 3,8 % |
| Kyrkje | 1,9 % | 1,7 % | 2,2 % | 1,5 % | 1,2 % |
| Samferdsel | 1,6 % | 2,6 % | 2,2 % | 2,3 % | 1,7 % |
| Bustad | 0,0 % | 0,1 % | -0,4 % | -0,4 % | 0,0 % |
| Brann og ulykkesvern | 1,4 % | 1,7 % | 1,7 % | 1,5 % | 1,5 % |
| Næring | -3,5 % | 0,8 % | -3,2 % | 1,1 % | 0,2 % |

Tabellen over syner dei vesentlege tenesteområda sin %-vise del av totale netto driftsutgifter. Nissedal skil seg framleis ut med å bruke ein høgare del av sine frie midlar til barnehage og helse og omsorg. Tabellen over tek ikkje omsyn til to viktige moment:

a) kommunane sin handlefridom, her representert ved *totale netto driftsutgifter*.

Med dette meinast at ein "rik kommune" kan bruke mindre av sine samla inntekter på ein teneste, men likevel ha stor ressursinnsats pr. brukar og god kvalitet på tenestene.

b) kva for tenestebehov som ligg til grunn for prioritering av ressursar.

Ressursbruk sett i høve til demografiske variablar, så som aldersgruppering og t.d. talet på personar med spesiell behov, er på mange måtar meir interessante. Når Nissedal nyttar forholdsvis lite ressursar på ei teneste så kan det vere positivt dersom grunnen er at behovet er lite, men det kan også bety at kommunen ikkje gjev dei tenestene det er behov for. Alderssamansetnad er her ein relevant parameter.

| Tabell K5 - "behovsprofil" | | | | | |
|---|----------|-----------------|----------|--------|--------------------|
| | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
| Alderssamansetning: andel 1-5 år | 6,1 % | 4,7 % | 5,1 % | 5,4 % | 5,9 % |
| Alderssamansetning: andel 6-15 år | 10,6 % | 11,5 % | 13,2 % | 11,6 % | 12,3 % |
| Alderssamansetning: andel 16-66 år | 65,1 % | 62,3 % | 63,9 % | 64,1 % | 65,8 % |
| Alderssamansetning: andel 67-79 år | 12,1 % | 13,9 % | 12,6 % | 13,4 % | 10,5 % |
| Alderssamansetning: andel 80 år + | 5,3 % | 6,7 % | 4,4 % | 4,5 % | 4,4 % |
| Andel heimebuande med høg timeinnsats i % av alle mottakarar av heimetenester | 10,0 % | 5,9 % | 11,1 % | 4,7 % | 7,0 % |

Tabellen vert nytta som bakgrunn for kommentarar under kvart tenestoområde.

13.4 Kvalitet og effektivitet

Kostra-tal måler primært objektiv og kvantifiserbar kvalitet, så som dekningsgrad (kor stor del av aktuell brukargruppe som får ei teneste), kompetanse og kontinuitet på personalet som gjev tenesta. Kvalitet bør med jamne mellomrom også målast gjennom brukarundersøking, der ein får målt "opplevd kvalitet". Nissedal har gjennomført slike undersøkingar innanfor enkelte tenestoområde, men det er ikkje innarbeidd nokon systematisk måling av denne forma for kvalitet.

Det vert i det etterfylgjande presentert kostra-tal for dei vesentlege tenestene i kommunen, basert på Kostra si funksjonsinndeling, ikkje etter intern organisering i kommunen. Tabellane syner 2015-tala.

13.4.1 Administrasjon

| Tabell K6 – Administrasjon og styring | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|---|----------|-----------------|----------|-------|--------------------|
| Nto.driftsutg. til adm. og styring, kr. pr. innb. | 8 696 | 9 984 | 11 178 | 8 203 | 4 197 |

Ressursbruk til administrasjon og styring er gjerne den enkelt-parameteren som får mest merksemd. Små kommunar vil naturleg nok ha større ressursbruk pr. innbyggjar. Ein ser også at dette er den parameteren som kommunane kanskje tolkar og rapporterer mest ulikt, og det er ein av få parametrar som vert påverka av korleis ein kommune er organisert, der ein flat struktur, som Nissedal har, inneber mindre ressursar til "overordna leiing", enn t.d. ein etat-struktur. Det kan vere vanskeleg å nytte Kostra-parametrar for å måle om dette er effektivt eller ikkje.

13.4.2 Barnehage

| Tabell K7 - Barnehagedrift og bygningsmasse til barnehage | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|----------|-----------------|----------|---------|--------------------|
| Nto.driftsutg. barnehage, kr pr. innb. 1-5 år | 159 364 | 130 948 | 114 191 | 135 697 | 130 734 |
| Andel born 1-5 år med barnehageplass | 89,8 % | 88,9 % | 82,4 % | 87,9 % | 91,1 % |
| Korr. opphaldstimar pr. årsverk | 8 195 | 9 470 | 9 924 | 10 987 | 11 323 |
| Korr.brt.driftsutg, funksjon 2010, kr pr. korr.opphaldstimar | 74 | 64 | 63 | 63 | 58 |

Samanlikna med andre kommunar er brukargruppa litt overrepresentert i Nissedal. Andelen born med barnehageplass har tidlegare ligge merkbar under dei andre kommunane, men ein ser nå at ein er på same nivå som samanlikningsgrunnlaga. Andelen av totale driftsutgifter er vesentleg høgare i Nissedal og når ein også ser at talet på opphaldstimar pr. årsverk er lågare, tilseier det at Nissedal brukar over gjennomsnitt av ressursar til barnehage. Driftsutgifter pr. opphaldstime syner også dette. Dette kan truleg delvis forklarast

med at Nissedal har relativt små barnehagar, der bemanning må ligge over minimumsbemanning, men ein har ikkje grunnlag for å hevde at det bare er det som er årsaka. Det er viktig å understreke at opphaldstimar pr. årsverk også må sjåast på som ein "kvalitetsindikator".

13.4.3 Grunnskule

| Tabell K8 – Grunnskule og SFO | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|---|----------|-----------------|----------|---------|--------------------|
| Nto.driftsutg. grunnskulesektor, kr pr. innb. 6-15 år | 165 712 | 143 825 | 157 287 | 129 860 | 102 819 |
| Andel elevar som får spesialundervisning | 7,1 % | 9,9 % | 7,6 % | 7,1 % | 7,9 % |
| Gj.sn. gruppestorleik, personar | 7,9 | 9,5 | 12,3 | 10,7 | 13,5 |
| Gj.sn. grunnskulepoeng | 40,2 | - | 39,8 | 40,3 | 40,7 |
| Elevar pr. kommunal skule, personar | 52 | 77 | 171 | 105 | 217 |

Nissedal har litt færre del innbyggjarar som er i skulepliktig alder enn Fyresdal og Åmli. Ressursbruken pr. elev varierer mykje frå år til år hjå dei ein samanliknar seg med, men trenden er at Nissedal nyttar meir ressursar pr. elev. Tala elles syner den desentraliserte skulestrukturen i Nissedal, der minimumsbemanning på den enkelte skule fører til mindre gruppestorleik enn det ein kan ha på større skular. Lærartetthet er ein av dei største kostnads-faktorane, men samstundes kanskje ein av dei viktigaste kvalitets-faktorane. Andel elevar med spesialundervisning er framleis på eit lågt nivå.

13.4.4 Kommunehelse

| Tabell K9 - Kommunehelse | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|----------|-----------------|----------|--------|--------------------|
| Nto.driftsutg. kommunehelsetenester, kr pr. innb. | 4 092 | 4 606 | 3 789 | 2 546 | 2 382 |
| Komm. legeårsverk pr. 10.000 innb. | 20,8 | 15,9 | 22,7 | 10,8 | 10,5 |
| Fysioterapiårsverk pr. 10.000 innb. | 9,0 | 10,9 | 15,1 | 10,8 | 9,0 |
| Gj.sn. listelenge-fastlegeregisteret | 610 | 667 | 578 | 771 | 1 102 |
| Brt.driftsutg. pr. innb. 0-5 år. Helsestasjon og skulehelse. Kr. | 8 535 | 12 592 | 16 671 | 12 364 | 8 722 |

Kommunehelsetenestene er samansett av fleire "spesial-tenester", der små kommunar ofte må ha ei "over-bemanning" ut i frå omsyn til rekruttering og organisering. Kostnader pr. brukar/innbyggjar blir av denne grunn høgare enn i større kommunar, men ein ser og at dette er ein indikator for høg kvalitet/gode tenester. Det er god legedekning i Nissedal. Ressursbruken innan helsestasjon/skulehelse er ennå låg, men det er grunn til å hevde at noko kompenseras med god legedekning, prioritering av born og unge innan psykiatritenesta og satsing på folkehelse og frisklivstiltak.

13.4.5 Pleie og omsorg

| Tabell K10 – Pleie og omsorg | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|----------|-----------------|----------|---------|--------------------|
| Nto.driftsutg. pleie og omsorg, kr pr. innbyggjar | 29 103 | 26 094 | 28 952 | 24 545 | 16 224 |
| Inst. plassar i % av innb.80 år + | 26,0 % | 25,4 % | 34,5 % | 21,7 % | 18,2 % |
| Andel bebuarar i inst. som er 80 år + | 89,5 % | 75,5 % | 77,8 % | 78,6 % | 69,6 % |
| Institusjonsutgifter pr. bebuar-døgn | 3 699 | 2 916 | 3 851 | 6 592 | 3 143 |
| Korr.brt. driftsutg. pr. mottakar av heimetenester | 254 811 | 220 614 | 242 968 | 137 174 | 237 179 |

I tabell K4 ser ein at Nissedal brukar meir av rammene sine til helse og omsorg, og i tabellen over ser ein at Netto driftsutgifter til pleie og omsorg pr. innbyggjar ligg høgare enn andre kommunar. Dette kan ikkje forklarast med større aldersgruppe 67 år + (jf. tabell K5). Kor mykje som skuldast over-representasjon av ressurskrevjande brukarar er uråd å seie noko om ut i frå Kostra-tala. I tala for pleie og omsorg ligg hovudsakleg drift av Nissedal

omsorgssenter og Kåsa bu- og avlastning. Det er ein stor svakheit i Kostra-tala at ikkje tenester kan relaterast til eintydige brukargrupper. Dette gjeld spesielt heimebaserte tenester som omfattar alle aldersgrupper og brukarar med omfattande tenestebehov. Både institusjonsutgiftene pr. bebuar-døgn og driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester er redusert frå 2014 til 2015. Dette kan relaterast til ein reduksjon i ressursinnsats i Kåsa bu- og avlastning og ein auke i talet på mottakarar av heimehjelp/heimesjukepleie utan at ressursinnsats har auka proporsjonalt med dette.

13.4.6 Sosiale tenester

| Tabell – Sosiale tenester | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|----------|-----------------|----------|-------|--------------------|
| Nto.driftsutg. sosiale tenester, kr pr. innb. 20-66 år | 4 185 | 2 036 | -132 | 4 404 | 3 220 |
| Andel mottakar av sosiale tenester i aldersgruppa 20-66 år | 4,9 % | 4,0 % | 4,9 % | 3,9 % | 4,2 % |
| Gj.sn. stønadslengde i mnd.mottakarar 25-66 år | 4,0 | - | 3,2 | 2,2 | - |

Ressursbruken på sosiale tenester har auke betydeleg dei siste to åra i Nissedal. Frå 2014 til 2015 er netto driftsutgifter pr. innbyggjar 20-66 år auka 77 %. Tala for dei andre kommunane svingar (Fyresdal har rapportert feil), men ein ser at Nissedal har hatt ein betydeleg større vekst i utgifter enn "like kommunar" og på landsbasis. Dersom ein går bak tala ser ein at årsaka er både auke i talet på stønadsmottakarar, auke i kor lenge stønad er gjeve og auke i storleiken på stønaden. Stønadssatsane er så godt som like, så desse er ikkje årsaka. Det er organisert eit samarbeid i Vest-Telemark, for å få så lik praksis som råd. Få enkeltsaker kan gje store utslag i ein liten kommune som Nissedal. Den største utfordringa er kanskje at ca. 8 % av alle i aldersgruppa 18-24 år mottek sosialstønad, og at 35% av alle stønadsmottakarar har sosialstønad som hovudinntektskjelde, sjølv om dette er tal ein også ser på landsbasis.

13.4.7 Kultur

| Tabell - Kultur | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|------------|-----------------|----------|-------------|--------------------|
| Nto.driftsutg. til kultursektoren, kr pr. innb. | 2 267 | 2 070 | 5 429 | 2 383 | 2 001 |
| Nto.driftsutg. til idrett, kr pr. innb. | 24 | 199 | 304 | 25 | 190 |
| Nto.driftsutg. til aktivitetstilbod til barn og unge, kr pr. innb. 6-20 år | 1 008 | 721 | 5 395 | 842 | 821 |
| Nto.driftsutg. til bibliotek pr. innb. | 338 | 397 | 714 | 571 | 266 |
| Korr. brt.driftsutg. til kommunal musikk- og kulturskule, kr pr. brukar | 18 654 | 17 275 | 19 665 | 13 325 | 17 659 |
| Gj.sn. storleik på tilskot til frivillige lag, kr. (antall lag som fekk tilskot) | 3 160 (25) | 14 183 | 14 588 | 37 474 (17) | 36 970 (19) |

Tabellen syner at Nissedal brukar gjennomsnittleg med ressursar til kultursektoren, og relativt mykje på musikk- og kulturskule. Det er få tal som seier noko om dekningsgrader og kvalitet på dette området. At ressursinnsats er eit resultat av lite behov, er mindre truleg. Det er meir rimeleg å anta at talet på brukarar heng saman med omfanget og kvaliteten på tilbodet som vert gjeve, og at auka ressursinnsats kunne gjeve fleire brukarar og lågare kostnad pr. brukar.

13.4.8 Samferdsel, brann, bustad

| Tabell – Samferdsel, brann, bustad | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|--|----------|-----------------|----------|---------|--------------------|
| Nto.driftsutg. til samferdsel, kr pr. innb. | 1 233 | 1 974 | 1 720 | 2 404 | 912 |
| Nto.driftsutg. til brannførebygging, kr pr. innb. | -6 | 43 | 221 | 84 | 61 |
| Nto.driftsutg. til brannberedskap, kr pr. innb. | 1 060 | 1 208 | 1 063 | 1 071 | 701 |
| Nto.driftsutg. til kommunale bustader, kr pr. innb. | -195 | -116 | -260 | -345 | -97 |
| Kommunalt disponerte bustader, antall pr. 1000 innb. | 22 | 33 | 29 | 9 | 21 |
| Brtdriftsutg. kr pr. kommunal bustad | 41 844 | 47 009 | 46 333 | 157 353 | 46 746 |
| Andel søkarar som har fått avslag på søknad om kommunal bustad | - | 20 % | - | 60 % | 28 % |

Nissedal nyttar forholdsvis lite ressursar til samferdsel, som i hovudsak gjeld kommunale vegar, gateljos og Fjoneferja. Dette heng nok litt saman med at ein har privatisert vedlikehaldet av ein del vegar som tidlegare var kommunale. Tilskot til desse vert ikkje rekna som ein utgift til samferdsel i Kostra-samanheng.

Netto driftsutgifter til brannførebygging er i 2015 tilnærma 0. Dette er i hovudsak feiing og tilsyn, finansiert med brukarbetalingar. Utgiftene til beredskap ligg på same nivå som Fyresdal og Åmli. Desse utgiftene vil variere frå år til år, avhengig av talet på brannar og omfanget av dei.

Brutto driftsutgifter til kommunale bustader er relativt lågt i Nissedal. Ut i frå netto driftsutgifter og talet på avslag ser det ut til at det er ganske god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kommunale bustader.

13.4.9 Vatn, avløp og renovasjon

| Tabell – Vatn, avløp og renovasjon | Nissedal | "Like" kommunar | Fyresdal | Åmli | Landet utanom Oslo |
|------------------------------------|----------|-----------------|----------|-------|--------------------|
| Dekningsgrad, vassforsyning | 169 % | - | 133 % | - | 69 % |
| Årsgebyr i 2016, kr. | 5 376 | 4 331 | 3 308 | 4 111 | 3 324 |
| Dekningsgrad, avløp | 109 % | 134 % | 96 % | - | 97 % |
| Årsgebyr i 2016, kr | 4 255 | 4 309 | 5 621 | 4 697 | 3 743 |
| Dekningsgrad, renovasjon (IATA) | 94 % | 86 % | 103 % | 94 % | 89 % |
| Årsgebyr i 2016, kr | 2 234 | 2 811 | 2 397 | 2 237 | 2 551 |

Den høge dekningsgraden innan vassforsyning kan forklarast med høge inntekter frå tilkoplingsgebyr, då det er gjennomført større prosjekt med overtaking av private vassforsyningsanlegg. Mange av kostra-parametrane innan dette området er ganske så uinteressante for ein kommune som Nissedal, med stort innslag av hytter med høg standard. Gebyrinntekter, driftsutgifter og investeringsnivå er i stor grad påverka av dette, og det å fordele desse ut på innbyggartal gjev relativt lite styringsinformasjon.

14. Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram

Visjon for Nissedal kommune

NISSEDAL VIDARE.....

Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

14.1 SENTRAL LEIING

Kommuneplanen sine mål:

Sentral leiing ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.

- Sentral leiing samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiing samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiing legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiing er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiing si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiing er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiing syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova
Kommuneplanen
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram
Plan for kriseleiing og beredskap

Vidareføring av etablert drift:

Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

Rådmannen meiner at administrasjonen held eit høgt fagleg nivå i alle sektorar, og bidreg til at politiske vedtak er grundig utgreidd.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Syte for særleg god budsjettoppfølging i heile organisasjonen på bakgrunn av ingen økonomisk reserve.
Rådmannen har hatt normal oppfølging av budsjett og den økonomiske situasjonen, og har ikkje hatt kapasitet til å gjere noko form for ekstraoppfølging.
- Vurdere organisering av einingane skule, barnehage og kultur.
Avklart i kommunestyresak 15/15.
- Vurdere heile organisasjonsstrukturen, både politisk og administrativt, med særleg fokus på leiar- og mellomleiarstillingar.
Politisk organisering vedteken i kommunestyresak 23/15. Vurdering av den administrative organiseringa vart det teke stilling til i kommunestyresak 59/15.
- Sak til kommunestyret med oversikt over selskap Nissedal kommune har eigarinteresser i, og eventuelle eigarskapsmeldingar.
Vart ikkje gjort i 2015.

Arbeidsgjevar-politikk

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidersamtalar, og at HMS har eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Som IA-bedrift skal kommunen opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider i retning av IA-avtalen sitt overordna mål: å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøte og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråvær var 6,94 % for heile kommunen i 2013. Målsettinga for 2015 er å kome ned under 6 % for heile kommunen.

I heile 2015 har administrasjonen vore utan kommunalsjef personal og utvikling. Rådmannen har ei nær uttømmende oversikt over oppgåvene som ligg til denne stillinga. Noko er fordelt på andre fagpersonar i Felles, noko er lagt på vent og mykje er lagt til rådmann og kommunalsjef økonomi. Ei anna effekt av at stillinga er vakant er at einingsleiarane er no både i namnet og gavnet personalleiarar i eiga eining. Dette er etter rådmannen sitt syn ei betring. I budsjettet for 2016 er det lagt inn eit varig kutt i sentral leiing og Fellestenesta. Framtidig organisering av Fellestenesta i samsvar med ramma vert gjort med verknad frå vår 2016. Leiing og tillitsvalte har eit svært godt samarbeid, og det er einigheit rundt prinsippet at godt nok er nok.

Sjukefråværet i kommunen var i 2015 5,85%. Det er i alle einingar eit samvitsfullt arbeid med oppfølging av sjukmeldte, og kompetansen på å utnytte moglegheitane i t.d. NAV er stor.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Utarbeide eventuelle manglande stillingsomtalar.
Vert gjort fortløpande.
- Organisere det overordna personalarbeidet.
Grunna stram økonomi har rådmannen valt å halde på mellombels organisering av personalarbeidet i heile 2015.
- Budsjettposten på velferdsmidlar, kr 50.000 blir flytt til opplæringsmidlar, som då aukar til kr 350.000. Ev. midlar som ikkje blir bruka til opplæring av dette påslaget på kr 50.000, kan brukast til velferdstiltak.
Kr 350.000 i opplæringsmidlar vart fordelt i AMU-sak 1/15.

Informasjon til publikum

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggerane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen er eit viktig bidrag i denne samanheng.

Er i gang med å lage ny heimeside. Den nye heimesida skal tilpasse seg ulike format; mobil, nettbrett og PC. Den er lagt opp med ny søkemotor, og dermed skal det bli lettare å finne informasjon for publikum.

Mykje informasjon leggst ut på Facebook, og kommunen har fått gode attendemeldingar frå publikum på dette. På Facebook-sida er det mogeleg å kommentere og spørje om det som bli lagt ut. Det vert vist vidare i kommunen dersom det er tale om sakshandsamingsoppgåver.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Følgje opp stega i utredningsarbeidet for kommunereform med god informasjon og invitasjon til publikum om å kome med sine meiningar.

Ingen spesielle tiltak. Prosessen kring intensjonsavtaler godt dekt i media.

Regionalt samarbeid og utvikling

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

Særleg aktualisert i samband med kommunereformarbeidet.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Følgje opp prosessen i Vest-Telemark om forstudie og forprosjekt om kommunereform. Intensjonsavtale mellom Nissedal, Kviteseid og Seljord er handsama i respektive kommunestyre. Lagt død. Arbeid vidare fram mot sommaren vert å halde grendemøter for å følgje opp ansvaret andsynes folk si trong for informasjon og kanal for attendemelding.

Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

Arbeidet er i god gang. Har dialog med fylkesmannen etter tilsyn i 2014.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Fullføre arbeidet med heilskapleg beredskapsplan.
Under arbeid
- Ferdigstille overordna ROS-analyse.
Vert jobba med parallelt med heilskapleg beredskapsplan

Folkehelse og trygt lokalsamfunn

Nissedal kommune skal vere godkjent som "Trygt lokalsamfunn" i heile planperioden, og sentral leiing skal syte for å innarbeide partnarskapsavtala med Folkehelse-prosjektet i alle planar med grunnlag i kommuneplanen for Nissedal kommune 2014-2025.

Folkehelsekoordinatoren har gått av med alderspensjon. I samband med 1. tertial vart det vedteke at stillinga skal stå vakant ut 2015, og at det vert teke stilling til korleis dette arbeidet skal organiserast frå 2016.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Arbeide for å behalde og styrkje lokal tannhelseteneste.
05.01.15 opna den offentlege tannhelsetenesta ved Treungen tannklinikk igjen.
Tannpleiar og tannhelsesekretær jobbar på klinikken. Det kjem ikkje til å vere tannlege der, men tannpleiaren sender henvisning til Drangedal tannklinikk.

Integrering og busetting

Sentrale myndigheiter har utfordra alle kommunane i landet på å busette flyktingar.

Kommunestyret vedtok i sak 83/14 å busette inntil 30 flyktingar i perioden 2015-2017

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Organisere og førebu arbeidet med busetting av flyktingar.
Rådmannen har tilsett to flyktingkonsulentar i til saman ei 100 % stilling. Plan for busetting og integrering av flyktingar i Nissedal kommune er utarbeidd og vart vedteke i kommunestyret i mai.

14.2 FELLESTENESTA

Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova
Offentlegheitslova
Arkivlova
Forvaltningslova

Vidareføring av etablert drift:

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift. **Innføring av ny telefonsentral har gitt mange utfordringar. Det blei ein noko problematisk innføringsfase, men ein har nå klart å løyse dei fleste problema og er nå over i normal driftsfase.**

I samarbeid med dei andre Vest-Telemark kommunane blir heimesida oppgradert/fornya. Dette med formål å gjere heimesida meir oversiktleg og lesbar for alle typar skjermar. Aktiviteten på kommunen si facebook-side har og vore klart stigande i 2015.

Statleg krav om innføring av "A-ordninga" frå 01.01. gav betydeleg meirarbeid for lønsmedarbeidarane. Mykje kan relaterast til ulike oppstart-problem, men ordninga vil og gi noko meirarbeid, også når alt er på plass/etablert.

Vakanse/permisjonar/sjukefråvær har sett sitt preg på felles gjennom heile 2015. Stillinga som kommunalsjef personal/utvikling har vore vakant sidan september 2014. Oppgåvene til denne stillinga er dels spreidd ut på andre tilsette ved felles (inkl. rådmann/komm.sjef), til einingsleiarar og dels sett på "vent". I tillegg har det vore nokre langtidssjukefråvær og permisjonar, som berre dels er dekt opp, som har gjort at 2015 har blitt eit år prega av mellombelse løysingar og ulike "nødløysingar".

Kompetanseutvikling:

Staten har innført nytt system for gjennomføring av val. Opplæring i dette systemet utgjør den største posten under kompetanseutvikling. Elles er det gjennomført ulike kurs/opplæring med karakter av fagleg oppdatering, men på bakgrunn av vakanse/permisjonar/sjukefråvær er kompetansetiltak blitt nedprioritert, for å prioritere dagleg drift.

Sjukefråvær:

For felles var det i 2015 eit sjukefråvær på 7,22%. Dette er nær ei dobling frå 2014, då sjukefråværet var 3,82%. Hovudtyngda av sjukefråværet i 2015 var langtidsfråvær (5,52%). Dette er ei endring i høve til 2014, då hovudtyngda av fråvær var korttidsfråvær. Auken i sjukefråvær vert ikkje relatert til forhold på arbeidsplassen.

Avvik/HMS-internkontroll:

Vernerunde vart gjennomført på kommunehuset 25. mars, og det ligg ikkje føre store avvik.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for felles slik:

| Auke av ramme: | Reduksjon av ramme: |
|---|---------------------------------|
| Reduksjon konsesjonskraftinntekter kr 1.736.000 | Taksering avslutta kr 1.350.000 |
| Ikkje bruk av innsparing vakanse kr 1.000.000 | Red. avsett lønspott kr 600.000 |
| Innføring av pott fellestiltak kr 500.000 | Red. utg.barnevern kr 100.000 |
| Opplæringspott tilbake kr 350.000 | |
| 20% stilling eigedomsskatt kr 100.000 | |
| Gjennomføring av val kr 100.000 | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

| | |
|--------------------------|--------------|
| Ramme barnevern auka | kr 1.355.000 |
| Avsett lønspott redusert | kr 425.000 |
| Generelt kutt | kr 200.000 |

Då rekneskapen blei gjort opp synte dei ein forbruks-% på løn på 100,4%. Med andre ord svært godt samsvar mellom rekneskap/budsjett på lønspostane. Totalt hadde eininga eit mindreforbruk på kr 650.000.

Dette mindreforbruket er i hovudsak knyt til fylgjande moment:

| | |
|------------------------------------|------------|
| Mindreforbruk på barnevern | kr 251.000 |
| Udisponert del av sentral lønspott | kr 121.000 |
| Meirinntekter konsesjonskraft | kr 440.000 |

Som ein ser av oversiktene over blei budsjettet for barnevern redusert ved utarbeiding av budsjettet for 2015. Dette på bakgrunn av utviklinga hausten 2014. Men gjennom 2015 blei det ein sterk auke i tiltaksutgifter og budsjettet for barnevern måtte styrkjast både i 1. og 2. tertial med til saman kr 1.355.000. Sluttresultatet synte eit mindreforbruk på kr 251.000 under det oppjusterte budsjettet.

Avsett lønspott blei i budsjettet redusert med kr 600.000, i høve til 2014-nivå. Dette i hovudsak på bakgrunn av at 2015 var eit mellomoppgjer. Sentralt lønsoppgjer gav ein lågare kostnad enn budsjettet og gav grunnlag for å redusere posten med ytterligare kr 425.000. Etter at lokale forhandlingar var gjennomført og sluttresultatet klart var forbruket kr 121.000 mindre enn justert budsjett.

Budsjetterte inntekter på konsesjonskraft blei kraftig nedjustert i budsjettet for 2015(1,7 mill.). Men sluttresultatet synte ei meirinntekt på kr 440.000 i høve til nedjustert budsjett. Dette skuldast oppgjer/overskot frå 2014 blei kr 344.000 høgare enn budsjettanslaget og årlege inntekter noko høgare enn budsjettet. Ved ein tettare oppfølging av denne posten, kunne nok ein klart å justere denne posten, slik at budsjettavviket hadde vore mindre.

Det har og vore nokre overskridingar på utgiftssida, m.a. overføring til landbrukskontoret i Kviteseid. Denne posten blei kr 128.000 høgare enn budsjettet, og dette blei ein først klar

over då kravet for 2015 kom frå Kviteseid ved årsskifte. Auke skuldast endring i i personalet ved Landbrukskontoret, som har gjort til at refusjon frå NAV har bortfalt i løpet av året.

I budsjettet for 2015 var det ikkje avsett med til synfaring/taksering i høve til innføring av eigedomsskatt. På bakgrunn av "etterslep" av utgifter i samband med hovudtakseringa hausten 2014 og behov for konsulentbistand også i samband med utskrivinga m.m. i 2015, blei det ei kostnad knyt til dette på kr 745.000. Delar av denne summen gjeld og synfaring av nye objekt for skattlegging i 2016. Totalkostnad for innføring av eigedomsskatt blei då ca. 2,5 mill. Kostnad til synfaring/taksering i 2015 er dekt inn ved ledige lønsmedel, vakanse (kommunalsjef personal) og div. permisjonar/sjukefråvær. Generelt kutt på kr 200.000, gjort i 2. tertial er og dekt inn ved ledige lønsmedel.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Oppfølging av innføring av eigedomsskatt på hus/hytter/næringsbygg.

Faktaopplysningar blei sendt ut i januar. Dette var noko forseinka i høve til opphavleg plan. Det blei dermed noko kort tidsfrist på å gje tilbakemelding på eventuelle feil. Men det blei likevel rydda opp i mange feil på bakgrunn av utsending av faktaopplysningane. Skattesetel blei sendt ut i høve til frist loven sett. Det kom inn rett under 100 klagesaker, som er blitt handsama i sakkunnig nemnd. 30 av desse sakene er gått vidare til sakkunnig klagenemnd.

Eigedomsskatt skal krevjast inn i 3 terminar.

Gjennomført i april og juli. Siste termin vert fakturert i november.

- Innkjøp ny tenestebil felles bruk.
Skoda stasjonsvogn er kjøpt inn innanfor løyva sum.
- Oppgradering av system, og opplæring i, sak/arkiv-system (ephorte).
Planleggingsarbeidet er starta opp. Gjennomføring gjort etter årsskifte.
- Vurdere kortare terminar for felles innkrevjing av kommunale skattar og avgifter, inklusive renovasjon.

I samband med budsjettvedtak blei det vedteke å endre til 4 terminar. For avtalegiro/e-faktura er det tilbod om månadlege terminar. Det er og tilbod om årleg termin for dei som ønskjer det

14.3 ANDRE STABSFUNKSJONAR

14.3.1 Ikt

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning
Norm for informasjonssikkerhet
Ikt-strategi for Vest-Telemark

Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

Aspit AS si drift av infrastruktur og applikasjonar fungerer godt, og det er god dialog mellom selskapet og dei 3 kommunane i samarbeidet. Samla utskifting av gamle PC'ar gjennomført hausten 2015. Eit større prosjekt med å oppgradere sakshandsamingsprogrammet ePhorte starta opp i samarbeid med Fyresdal og Seljord. Blir slutført rette etter årsskifte. Det er initiert ein diskusjon om økonomisystemet i Vest-Telemark, der ein på eine sida har vore knytt til same leverandør (Evry) i lang tid, og på den andre sida veit at det å bytte system har ein stor "bytte-kostnad". Blir avklart/gjennomført i 2016

Spesielle tiltak/endringar i 2015

- Etablere/formalisere eit internkontroll-system for informasjonssikkerheit generelt og personvern spesielt.
Manglande ressursar i rådmannen sin stab til å drive dette fram, gjorde til at det ikkje blei gjennomført i 2015.

14.3.2 Frivilligsentral

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan frivilligsentralen:

Frivilligsentralen sine vedtekter
Retningslinjer frå departementet
Styrerettleiar
Stortingsmelding nr. 39 – Frivillighet for alle

Vidareføring av etablert drift:

Nissedal frivilligsentral vart etablert i 2009, og har som mål å styrke og koordinere den totale friviljuge innsatsen i Nissedal kommune. Kommunestyret utøver eigarskap gjennom årsmøtet og val av styre. Styret er sentralen sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret sitt ansvarsområde og mynde slås fast i vedtektene, og dette tyder mellom anna budsjett- og rekneskapsansvar, arbeidsgjevar- og driftsansvar, samt tilsetting av dagleg leiar.

Kommunestyret har handsama sak om Nissedal frivilligsentral to gonger i 2. tertial (sak 52/15 og 60/15).

Nissedal Frivilligsentral er ikkje lenger kommunal. Heimelen med støtte frå Kulturdepartementet vart frå 1.1.2016 overført til ny organisasjon stifta 23.11.2015. Stiftarane er Frikyrkja, Nissedal sokneråd og Bygdekvinnelaget.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Det skal vere ekstraordinært årsmøte tidleg i 2015 for å bestille ei utgreiing av rådmannen på alternative former for organisering og eigarskap.
Vart gjort i kommunestyresak 52/15.

14.3.3 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova
Skoglova
Konsesjonslova
Landbruksplan for Vest-Telemark
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

Vidareføring av etablert drift:

Heile landbrukskontoret

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt under rådmannen i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Det er tilsett ny skogbrukssjef i full stilling, etter tidlegare skogbrukssjef som siste åra har jobba delvis.

Spesielle tiltak/endingar for 2015

- Oppfølging av pelsdyrnæringa.
Landbrukskontoret har hatt jamleg kontakt med oppdrettarane og har ikkje fått klage eller hørt om sjenerande oppblomstring av fluger.

Viltforvaltning

Det er utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Forvaltninga skjer i stor grad gjennom Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for ettersøk ved skada vilt, og skadefelling. Dette er organisert i eit samarbeid med Nissedal viltlag.

Kontoret har saman med jaktlaga starta på arbeidet med å oppdatere arealoversikter og grunneigarlister for alle jaktlaga i kommunen.

Miljø

Kommunen deltek i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.

Forvaltnings- og tiltaksplanane for vassområda er sendt til Klima og miljødepartementet for endeleg godkjenning. Behandlinga av planane i Klima og miljødepartementet er blitt forsinka og vassområda har ikkje fått planane godkjent. Samarbeidsprosjektet i Nidelva vassområde er avslutta og kvar kommune må sjølv følge opp arbeidet i vassområda.

Spesielle tiltak/endingar for 2015

- Avklare nærare kva som ligg i begrepet "miljø", og kven som har ansvaret for dei ulike delane av det.

Interkommunalt landbrukskontor meiner at kontoret sitt ansvar er avgrensa til saker som er knytt til landbruks- og utmarksforvaltning. Ut over dette må slik avklaring gjerast på eit overordna leiarnivå.

14.3.4 PPT

Vidareføring av etablert drift:

PP-tenesta er organisert som eit interkommunalt selskap (Iks) i Vest-Telemark og har ansvar for å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling og for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Dette er oppgåver heimla i opplæringslova. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det "(§ 5-6). PPT har til saman 7 fagstillingar og er lokalisert i Kviteseid kommune.

Kommunestyret har vald ordførar som representant til representantskapet. Styret består av 3 personar med personleg vararepresentant, slik at alle kommunane er representert.

PPT har fast kontakttid på skulane – lavterskeltilbod – med fokus på førebyggjande arbeid, tidleg innsats og reduksjon av tilmeldingar til PPT og bruk av spesialundervisning. Tveit /Nissedal har 3-4 timer 2. kvar veke. I tillegg har PPT faste møte med skulen seks gonger i året. Kyrkjebygda og Fjone har fire kontaktdagar og møte i året.

PPT sin kontaktperson til skulane i Nissedal har tatt del i den skoleringa som lærarane har fått. Bakgrunnen for dette er at PPT og lærarane skal ha felles kunnskap og «språk» i rettleiinga. Omfang spesialundervisning i 2015 var 7,1% mot 6,8% i 2014. Landsnitt 2015 var 7,9%.

14.3.5 Barnevernet

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Ansvar for sakshandsaming og fagleg kompetanse er samla i vertskommunen, men det må vere god dialog med dei andre tenestene i kvar kommune.

Samarbeidet er styrt gjennom ei samarbeidsavtale og delegert mynde frå rådmannen i Nissedal til rådmannen i Kviteseid. Rådmannen i Kviteseid har delegert all mynde vidare til barnevernsleiar.

Nissedal har forholdsvis mange kostnadskrevjande tiltak sett i høve til kor mange barn som har tiltak frå barnevernet. Dette visast på rekneskapstala og ein må arbeide meir med korleis ein kan koma tidleg inn og jobbe meir førebyggjande i familien.

14.3.6 Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariatet

Nissedal kommune løyer sine behov for revisjon og kontrollutvalssekretariat ved å vere medeigar i Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks. Kommunestyret har vald varaordførar som representant i representantskapet til Telemark kommunerevisjon Iks og ordførar som representant i representantskapet til Telemark kontrollutvalssekretariat Iks.

Ikkje særskilte statusendringar å rapportere.

14.3.7 Renovasjon

Dei kommunale renovasjonstenestene er organisert i Indre Agder og Telemark Avfallsselskap Iks (IATA), i samarbeid med kommunane Åmli, Nome og Drangedal. Selskapet er styrt gjennom eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet, som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Det er innført dunk-løysing i alle eigarkommunane. Dette bidrar til betre sortering av avfall i hushaldningane.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Har vore drøftinga kring evt. overføring av fakturering frå selskapet til eigarkommunane.

14.3.8 Vest-Telemark brannvernsamarbeid

Det kommunale ansvaret for brann- og ulykkeberedskap, forebygging og feiing er organisert som eit Iks i Vest-Telemark, lokalisert i Høydalsmo. Kommunen har likevel ansvar for beredskapsmateriell og arbeidsgjevaransvar for utrykkingsmannskapa.

Selskapet er styrt gjennom selskapsavtale, eige styre og dagleg leiar (brannsjef).

Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Ingen særskilte aktivitetar utover ordinær drift.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Utgreie om ordninga med brannvernsamarbeid i Vest-Telemark er best for Nissedal. Dette er ikkje gjort i 2015, men det ligg ann til at alle kommunane i Vest-Telemark vedtek felles selskapskontroll av Brannvernsamarbeidet som ledd i plan for selskapskontroll i valperioden 2015-2019. Dette vert lagt fram for kontrollutvalet 1. kvartal 2016.

14.4 EINING FOR SKULE

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skrivning, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter
Plan for overgang barnehage - skule
Plan for utvikling av læringsmiljøet

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring i Nissedal kommune.

Det blei tilsett ny einingsleiar for skule frå 1.august 2015. Det administrative arbeidet er såleis i normalt gjenge. Mykje tid i starten har gått med til oppdateringar og orienteringar om drifta i skulen spesielt men også i kommunen som heilheit.

Vaksenopplæringa har vore utfordrande. Den er omfatta av eit komplisert lovverk. Ein vil trenge mykje kompetanse i tida som kjem på området. Det er etablert samarbeid mellom vaksenopplæringa i Nissedal og Drangedal. Gode nettverk er verdifulle bidrag til læring og utvikling. Rektorgruppa i grunnskulen er godt i gang med regelmessige rektormøte.

Det er utarbeidd nytt årshjul i hht. § 13-10 i opplæringslova- *Om forsvarleg system*.

Her er alle gjeremål innafor skuleåret, samt kven som er ansvarleg for dei, synleggjorde.

Rettleiarkorpset

Samarbeidet med Rettleiarkorpset frå U-dir blei avslutta i juni.

Det er skriven ein felles rapport frå U-dir for alle skulane samt ein sluttrapport for kvar skule.

Eit kort samandrag av felles sluttrapport:

Fokusområda i søknaden: Utvikle felles kultur i Nissedalsskulen, betre læringsresultat, auka elevmotivasjon, Vurdering for læring, behov for rettleiing i gjennomføring av utviklingsarbeid.

Sterke sider i Nissedalsskulen: Omfattande etterutdanning, faste rektormøte med fokus på felles planlegging av utviklingsarbeid, kompetente rektorar, er i ferd med å etablere gode rutinar for utviklingsarbeid og resultatoppfølging.

Utfordringar: Sikre kontinuitet i utviklingsarbeidet; oppfordre politisk leiing til å fylgje opp og ikkje minst gje nye politikarar kunnskap om arbeidet som er i gang.

God overlapping ved tilsetjing av ny einingsleiar. Fullføre dei utviklingsområda som er sett i verk før ein startar på nye område. Auke politisk engasjement for å skape god kvalitet i skulane som igjen bidreg til å skape godt omdømme i Nissedalsskulen bland brukarane.

Rettleiarkorpset var på eit avsluttande møte med Nissedal i november. Der var det fokus på korleis ein skulle fylgje opp planane.

Om arbeidet med omdømmeplanen for Nissedalsskulen

Planen er gjort kjend og drøfta med tilsette og foreldre. Planen blei lagt fram på felles foreldremøte for kommunen i veke 36. Mål med planen:

- å skape felles forståing blant alle aktørar i skulen for kva ein meiner med eit godt omdømme for Nissedalsskulen.

- at alle elevar i Nissedal skal oppleve god og lik kvalitet i læringsarbeidet.

Nye politikarar bør få kunnskap om planen. Dette er ennå ikkje gjennomført

"Betre læring for alle elevar"

Prosjektet blei avslutta i juni 2015. Hovudmålet med prosjektet var å redusere omfanget på spesialundervisning. Kostratal syner at Nissedal kommune har nådd dette målet. I 2009 mottok 23,3 % av elevane i Nissedal spesialundervisning. Kostratal for 2015/16 syner at omfang elevar som mottok spesialundervisning er 7,1 %, herav 4,3 % i 1.-4. kl, 2,4 % i 5.-7. kl. og 15,9 % i 8.-10. kl. Årets tal syner ein auke på 0,3 % frå 2014/15.

Ein bieffekt av prosjektet var etablering av eit lærande skulenettverk sett saman av skuleleiarar (skuleeigar/rektorar/inspektørar) i Vest-Telemark.

Konklusjon for Nissedal kommune: Hovudmålet for prosjektet er nådd.

Ungdomstrinn i Utvikling/Skule i Utvikling (UiU/SiU)

UiU er eit utviklingsprosjekt initiert av Utdanningsdirektoratet. Prosjektet bygger på utviklingskapasitet/endringskapasitet

Me skal finne vegen mot undervisning som er meir

- Variert
- Relevant
- Praktisk

Fagområda ein kan velje mellom er: Skrivning, lesing, rekning og klasseleiing.

Nissedalsskulen har valt lesing som fokusområde. Prosjektet varar ut kalenderåret 2016.

Sidan alle skular deltek, vel me å kalle prosjektet Skule i Utvikling (SiU)

Økonomi:

Kommunen har motteke 113 000 som dekkjer 10 % ressurslærer samt til reiser/kurs.

Kommunen har knytt til seg fagperson frå HISN, samt ein utviklingsrettleiar frå U-dir. Planleggingsdagar og fellestid er nytta til kursing med lærar frå HISN. Skuleeigar, rektor ved Tveit skule og ressurslærar har delteke på samlingar med U-dir. Fokus: Endringsleiing, endringskapasitet samt fagleg påfyll om lesing, korleis drive og utvikle prosjektet vidare; dvs. omsetje kunnskapen til praksis. Nettverket som blei etablert i samband med "Betre læring for alle elevar" samarbeider no om "Skule i utvikling".

Dysleksikurs

Alle lærarar har i løpet av 2015 gjennomført dysleksikurs i høve utviklingsplan og K-sak 18/14.

Dei økonomiske sidene i denne saka er teke høgde for i årets ramme.

I kommunestyresaka er det tatt høgde for at alle nyttilsette skal gjennomføre dysleksikurset. Slik skuleeigar vurderer dette, vil effekten av å ta slike kurs ein og ein ha liten effekt. Den samla kompetansen ved skulane og kultur for deling bør kunne bidra til at nyttilsette blir lyfta til det nivået som er naudsynt for å drive ei dysleksivennleg undervisning.

Relasjonsleiing

Barnehage, helse og skule har motteke 95.000 kr i OU-midlar til gjennomføring av kurs i relasjonsleiing. 5 av fem kursdagar er gjennomførte.

Garderobar: Skjermveggar i dusj utført.

Tiltak etter krav om "Universell utforming": Installert automatisk dørlukkar i adm. bygg og i småskulen. Sikring av skrens/markering for synshemma er gjennomført.

Kyrkjebygda skule: Ny vestvegg inkl. nye vindauge med solskjerming utført.

Lærargarderobe er utbetra. Avtrekk skulekjøkken installert.

Fjone skule: Haust 2015: Bytte 6 vindauge, renovere det eine dusjanlegget og justere fall på uteområdet. Ikkje gjennomført. Blir gjort vinter 2016.

Internkontrollsystem i skulen: Ikkje gjennomført.

Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med barnetrinn (1.-7.klasse) på Fjone, i Kyrkjebygda og i Treungen. Ungdomsskulen er felles og ligg i Treungen. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte. Kvar skule sin årsplan skal bygge på dei felles satsingsområda.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Utarbeide plan for tidleg innsats saman med eining for barnehage og eining for helse og habillitering.
Ikkje gjennomført.
- Tilpasse utviklingsarbeidet etter dei råd kommunen får frå rettleiarkorpset frå U-dir. Dette inneber m.a. å redusere talet på tiltak og prosjekt som samstundes gjeng føre.
Ein er i gang med å ferdigstille nokre av tiltaka som blei sett i gang før rettleiarkorpset kom. Det er eit mål at ein ikkje skal ha meir enn eitt – maks to – utviklingsprosjekt på gong samtidig. Skulane i Nissedal har hatt fokus på desse fire områda:
 1. Læringsmiljøet: Eit godt læringsmiljø er ein viktig føresetnad for at elevane skal oppnå godt læringsutbytte. Einingsleiar og rektorar har hatt fokus på og drøfta korleis ein kan skape "Godt læringsmiljø" i Nissedalsskulen. Alle mobbesaker skal handterast og løysast så raskt som mogleg.
 2. Vurdering for læring: Implementere det ein har lært.
 3. Lesing i alle fag – SiU- Nytt tema
 4. "Den gode timen" – Oppfylgning av plan i "Betre læring for alle elevar."

Her er det arbeidd med god start og avslutting på timen, at elevane er kjende med måla for timen, autoritativ klasseleiing (trygg, bestemt, skape gode relasjonar) m.m. Det har og vore arbeidd med at lærarane skal fylgje felles reglar i alle klasser ved Tveit skule.

- Også i 2015 ha fokus på auka læringstrykk, ut i frå at skulane i Nissedal har svake resultat på nasjonale prøver, grunnskulepoeng og eksamensresultat. Konkrete tiltak er m.a. vurdering for læring, tilpassa opplæring, dyslekskurs, Vest-Telemark-prosjektet "betre læring for alle elevar" og samarbeid med PPT.

Arbeidast med kontinuerleg. Resultat Grunnskulepoeng dei fem siste åra:

| 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|------|------|------|------|------|
| 36,1 | 37,6 | 41,0 | 37,2 | 40,2 |

Resultata på Nasjonale prøver 2015: Elevane i Nissedal låg frå 12-1 skalapoeng under nasjonalt nivå på alle testane sett under eitt (5.,8.og 9.klasse) 5. klasse låg nærast det nasjonale nivået på alle prøvene; frå 3-0 skalapoeng under nasjonalt nivå. Grendeskulane skårar jamt over høgare på nasjonale prøver enn snittet for Nissedal kommune.

- Også i 2015 ha eit spesielt fokus på elevane sitt psykososiale miljø, og at elevane i Nissedal har ein trygg og god skulekvardag. Arbeidast med kontinuerleg. Mobbesaker handterast så raskt som mogleg når dei blir oppdage. Tiltaket "Kjærlighet og grenser" bidreg til å byggje gode relasjonar mellom elevane i 7. klasse, før dei startar på ungdomsskulen. Tiltaket er vellykka. Elevundersøkinga for 2015 syner at det er ein auke i mobbing både på barnesteget frå 2014-15. For ungdomssteget ligg det på same nivå som i fjor. (indikator mobbing: 1=0)

| Klasse | 7. kl | | 10. kl | |
|---------------------|-------|------|--------|------|
| År | 2014 | 2015 | 2014 | 2015 |
| Mobbing | 1,1 | 1,4 | 1,4 | 1,4 |
| Trivsel | 3,9 | 4,3 | 3,7 | 3,7 |
| Støtte frå lærarane | 4,1 | 4,6 | 4,0 | 4,1 |

- Utgreie sak om femdagars-skule for alle elevar i grunnskulen. Ikkje starta opp. Kyrkjebygda sitt pilotprosjekt på dette er vidareført inneverande skuleår.

SFO

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule, Fjone skule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit redusert tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skule-ruta skal tilpassast etterspurnaden.

SFO i Nissedal skal gje eit kvalitativt godt tilbod om leksehjelp, sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.

Ved Fjone skule har det vore svært varierande behov for SFO gjennom året. Dette er utfordrande å administrere, særleg i høve til tilsette. Pr desember 2015 er det på det meste 11 brukarar.

Ved Kyrkjebygda er det 13 brukarar. Det er utfordrande for ein person å ha ansvar for så stor gruppe.

Ved Tveit skule er det 22 brukarar.

Plan for SFO i Nissedal kommune blei revidert i oktober 2015.

Hovudfokus:

- Sunn mat
- Fysisk aktivitet og leik
- Sosial kompetanse
- Leksehjelp

SFO er open ved *ein av skulane* i haust- og vinterferie dersom minst fem elevar tingar plass.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Ferdigstille og take i bruk årshjul og årsplan i alle avdelingane.
Gjennomført og teke i bruk.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje opplæringslova har rett til det. Undervisninga er lokalisert på kommunehuset og må til ei kvart tid tilpassast dei som har slik rett.

Det vert også gjeve undervisning til nokon av bebuarane på Kåsa bu og avlasting. Denne undervisninga er lokalisert på Mila og vert gjeve i samarbeid med Eining for helse og habillitering.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Førebu mottak av flyktningar.

Vaksenopplæring for flyktningar starta opp 19. august 2015. Opplæringa har vore lokalisert i "gamle Vinstoga".

Med det elevtalet ein har pr no, er arealet i Vinstoga tilfredstillande. Det er utfordringar med luftkvaliteten.

Det har hausten 2015 vore sju elevar på introduksjonordninga. På gruppa med familiegjenforeinte er det pr desember 2015 fire elevar.

Det er etablert eit godt samarbeid med Eining for kultur og flyktningkoordinatorane.

Det arbeidast for at tre av dei yngste elevane på introduksjonsordninga skal søkjast inn på innføringsklasse på vidaregåande skule neste år.

Det er pr desember tilsett i 160 % stilling til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova.

På vaksenopplæringa for flyktningar er det investera i elektronisk tavle, PC-ar til elevar og tilsette, nytt læraverk samt nye klasseromsmøblar.

I desember blei det, etter ynskje både frå elevar og lærarar, fremma sak om endring av målføre. Den 10.12.15 vedtok kommunestyret at vaksenopplæringa i Nissedal skal nytte bokmål som målføre.

Norskopplæring for minoritetsspråklege elevar:

Tiltak nemnde i 1. tertial er iverksette. Alt går etter planen. Skulen har i tillegg til flyktningane, motteke tre nye elevar frå Tyskland.

Det i alt 8 minoritetsspråklege elevar ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule inneverande skuleår.

De må og nemnast at det er tilsett lærar i 33,5 % stilling til spesialundervisning for vaksne.

Sjukefråvær:

Eininga har pr. 2.tertial eit sjukefråvær på 2,76 %.

Fråveret er ikkje arbeidsrelatert.

HMS/Internkontroll:

Lukking av avvik i høve tilsyn frå Miljøretta Helsevern 2012:

Tveit skule: Skulekjøkken, sløydsal og formingsrom er pussa opp og blei tekne i bruk i oktober. Radontiltak: I murbygg og fleirbrukshall: Utført.

Kompetanseutvikling:

Det har vore mykje utviklingsarbeid på gang i skule, og det nyttast litt ekstra plass til å rapportere om status for dette her. Rektor og inspektør (fast) ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule tek Masterutdanning i skuleleiing.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for skule slik:

| | | | |
|-------------------------------------|------------|------------------------|-----------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| Auke gjesteelevar Gjerstad | kr 80.000 | Auke ref. gjesteelevar | kr 94.000 |
| Særskild skuleskyssordning | kr 95.000 | | |
| Heilår styrka ress. K.bygdada skule | kr 60.000 | | |
| Frukt og grønt – ordning | kr 50.000 | | |
| Oppretthalde auka læringstrykk | kr 174.000 | | |
| Reduserte inntekter på sfo | kr 70.000 | | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

| | |
|--|------------|
| Tiltak knytt til integrering av flyktningar grunnskule/vaksenopplæring | kr 529.000 |
| Auke statstilskot til vaksenopplæring | kr 224.000 |
| Generelt kutt | kr 680.000 |

Eining for skule har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 917.000.

Samla lønsutgifter var kr. 20.471.000 mot kr 19.274.000 i 2014. I desse tala ligg det ein betydeleg auka ressursinnsats knytt til flyktningar og andre enkelt-saker, så dei generelle lønsutgiftene har hatt ein real-nedgang frå 2014 til 2015.

Satsinga på auka læringstrykk som vart vedteke våren 2014 gav ei auke i budsjetttramma for 2015 på kr 174.000. Alle tiltaka er gjennomført etter føresetnadene.

Samla pensjonskostnader inkludert arbeidsgjevaravgift vart i eining for skule kr 212.000 lågare enn budsjettføresetnaden.

Tveit skule fekk tilført kr 243.000 knytt til styrkingstiltak ved mottak av flyktningar. Dette er gjennomført etter føresetnadene.

I budsjettet for Kyrkjebygda skule låg det ei styrking av bemanning, tilsvarande 47 % stilling (kr 240.000), grunna mange 1.klassingar. Det synt seg at Kyrkjebygda ikkje hadde behov for 47 % stilling; men berre 20 %. VO hadde samstundes behov for fleire timar våren 2015 og fekk derfor overført kr 100.000 frå Kyrkjebygda. Samla lønskostnader er litt under det justerte budsjettet.

Statstilskot vaksenopplæring blei kr 487.000 over budsjett. Årsaka er at hadde nok registrerte personar i ordninga, slik at ein tilkom høgaste sats for basistilskot. Budsjettet bygde på låg sats.

14.5 EINING FOR BARNEHAGE

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesystem, PPT og psykisk helse (intern)

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle. Kommunen har 1 hovudopptak i året. Dette skjer i mars, og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande. Kommunen skal likevel, så langt det er råd, gje tilbod til barn fortløpande gjennom året.

Føresette kan velje mellom 2 dagar, 3 dagar, 4 dagar og 5 dagars tilbod. I tillegg til alle helger og høgtidsdagar er alle barnehagane stengt to veker i juli, juleftan, romjola og virkedagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.

Det utarbeidast felles satsingsområde som kvar barnehage har fokus på i eigen årsplan. Kompetanseheving skal fokusere på satsingsområda. Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

Alle som har lovfesta rett til barnehageplass har fått det. Kommunen har og i stor grad gitt barnehagetilbod fortløpande gjennom året.

Spesielle tiltak/endingar i 2015:

- Eining for barnehage samarbeider om kurs i relasjonsleing i samband med prosjektet "Tidleg innsats". Dette er eit tverrfagleg prosjekt mellom barnehage – helse – skule.
Denne kurspakka er gjennomført. Ein skal nå i gang med arbeidsgrupper for utarbeiding av plan for tideleg innsats.
- To assistentar skal fullføre vidareutdanning innanfor barnehagepedagogikk.
Dette er gjennomført. Den eine assistenten har igjen å gå opp praktisk eksamen.
- Utarbeide intern språkplan som kan implementerast i plan for tidleg innsats.
Dette arbeidet er i gang.

Treungen barnehage

Godkjent for 60 plassar, der 36 (18 born) er i eiga småbarnsavdeling (0-3 år). Behovet/ønskje er større enn kapasiteten, og barnehagen har i etablert drift ingen ledig kapasitet. Opningstida er 07.15-16.45.

Alle som har søkt barnehageplass i Treungen barnehage fått det.

Treungen barnehage tok imot 3 nye flyktningbarn frå august 2015, og personalressursen i barnehagen blei auka med 60% assistentstilling frå august.

Spesielle tiltak/endingar i 2015:

- Få til god løysing for organisering av 50% styrarressurs i Treungen barnehage. Det har vore ei prøveordning der denne ressursen har vore delt mellom to pedagogar. Dette er nå gjort til ei permanent løysing frå august 2015.

Kyrkjebygda barnehage

Godkjent for 20 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Hausten 2015 er det 20 barnehageplassar her

Haugsjåsund barnehage

Godkjent for 20 plassar, men har potensiale for å utvidast ytterlegare.

Opningstida er 07.15-16.45.

Hausten 2015 er det 20 barnehageplassar her.

Felle barnehage

Godkjent for 14 plassar. Opningstida er 07.00-16.30.

Hausten 2015 er det 14 barnehageplassar og 2 SFO-plassar her.

Sjukefråvær :

Sjukefråværet for 2015 i eininga: 8,94%. Dette er fordelt på 7,04 langtidfråvær og 1,9 i korttidfråvær. Langtidfråværet er ikkje relatert til arbeidet i barnehagen.

Barnehagane har heile tid fokus på førebyggjande tiltak for å få ned fråværet. Tilsette i barnehagen arbeider tett på brukarane og blir utsett for mykje smitte.

Vi har hatt tett oppfølging av dei langtidssjukmelde med jamnleg dialog.

Kompetanseutvikling:

Ein pedagog har vore frikjøpt for å planlegge og gjennomføre samlingar med fagleg innhald for alle assistentane i kommunen 3-4 gonger i året. Eininga har fått kr. 35 000 frå Fylkesmannen til i 2015 til dette tiltaket.

Barnehagane i kommunen samarbeider om felles satsingsområde: Leik og språk.

Barnehagane har laga sine eigne årsplanar med utgangspunkt i satsingsområdet.

To planleggingsdagar er gjennomført med eksterne kurshaldarar innanfor satsingsområdet.

Andre planleggingsdagar og avdelingsmøte har blitt nytta til intern kompetanseheving innanfor satsingsområdet.

Styrarane i alle barnehagane har delteke i ei kurspakka "Være sammen". Dette er eit utviklingsprosjekt for barnehagar som handlar om kvalitetsheving og utvikling, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Vest Agder, Stiftelsen Være saman, Læringsmiljøsenderet (UiS) og Universitetet i Agder.

To styrarar fullfører studiet som rettleiarar i løpet av våren -16.

Ein assistent har delteke på kurs i kompetanseheving for barnehageassistentar (KOBASS) i regi av Høgskulen i Telemark. Dette kurset kvalifiserer til 15 studiepoeng. Vedkommande tok eksamen våren-15.

Ein assistent er i gang med å fullføre fagbrevet som barne og ungdomsarbeider.

HMS/Internkontroll:

Det er gjennomført vernerundar i alle barnehagane våren – 15. Det blei ikkje avdekka avvik som er til fare for brukarane eller dei tilsette.

Det blei påpeka dårleg lydakustikk i eit rom i Felle barnehage. Same utfordring er det i den gamle delen av Treungen barnehage. Denne barnehagen fekk kr. 20 000,- i tilretteleggingstilskot frå Nav til montering støydempande plater i det største rommet på "storavdelinga". Tiltaket har hatt god effekt, og det er positive tilbakemeldingar frå tilsette, barn og foreldre

Det er gjennomført medarbeidersamtaler.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for barnehage slik:

| | | | |
|--------------------------------|------------|----------------------------|------------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| SFO i barnehage Felle – Heilår | kr 70.000 | Auke i maks.sats eigenbet. | Kr 104.000 |
| Sosial profil eigenbetaling | kr 39.000 | | |
| Auke i bemanning jf. bhg.gar. | kr 460.000 | | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

| | |
|-------------------------------------|------------|
| Spesialtiltak for born i fosterheim | kr 25.000 |
| Flyktningar i barnehagen | kr 120.000 |
| Generelt kutt/unytt lønsmedel | kr 100.000 |

Eininga har eit mindreforbruk i 2015 på kr. 229 000,- . Dette mindreforbruket kan knytast til:

Mindreforbruk på løn kr 50.000
Mindreforbruk på div. driftspostar kr 168.000

Mindreforbruket på løn skuldast i hovudsak vakant styrarstilling i Treungen barnehage, mindre bruk av vikarar. Eininga har bruka mindre vikar ved fråvær gjennom heile året. Og vi har i stor grad bruka "billigare" vikarer enn dei tilsette vi har fått sjukerefusjon for. I tillegg har styrarane gått inn i arbeid på dei ulike avdelingane i si administrasjonstid.

I samband med gjennomgang av 2. tertial blei det gjennomført innkjøpsstopp. Det har difor ikkje blitt bruka meir på forbrukskontoane enn heilt nødvendig. Oppgradering av forbruksmatriell, inventar og utstyr har ikkje blitt gjort meir enn høgst nødvendig i dei ulike barnehagane. Dette har gitt eit mindreforbruk på "andre kostnader" på til saman kr.168 000,- i heile eininga

Treungen barnehage hadde tidlegare ein pedagog i 50% stilling som i tillegg hadde 50% styrarressurs. Då vedkommande slutta i denne stillinga blei det gjort ei intern omorganisering. 50% administrasjonsoppgåver blei lagt til to pedagogar i barnehagen. Dette frigjorde lønsmiddel i eininga. I samband med 1. tertial blei ramma redusert med kr. 50 000,- i lønsmidlar.

Kommunen har barn i fosterheimar i andre kommunar. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp til desse barna blei budsjettet i 2. tertial 2015 til kr 125.000,- .

Eininga fekk i k.sak 43/15 tilført kr 25.000,-. Resten av utgiftene har ein funne dekning for innanfor ramma på bakgrunn av vakant styrarstilling i Treungen barnehage, og lågare bruk av vikarar gjennom året.

To barn har hatt sfo-tilbodet sitt i Felle barnehage. Eininga fekk kr 37.550,- i 2014 for å auke assistentressursen. Heilårsverknad i 2015 kr. 108 750,- jmf. (k.sak 57/13).

Eininga fekk tilført i ramma kr. 70 000,- i 2015 til dette tiltaket – eit avvik på kr 38.750,-. Barnehagen har likevel gitt tilbodet til desse elevane innanfor gjeldande rammer

Frå august -15 fekk eininga tilført kr 120.000,- i lønsmiddel for styrking av personalressursen i Treungen barnehage i samband med oppstart av nye flyktningbarn. Dette tiltaket er ikkje vidareført i 2016.

I samband med arbeidet med 2 tertial fekk eininga eit generelt kutt på kr 50 000,-. Dette blei innarbeid ved mindre bruk av vikarar.

Stortinget gjennomførte endring regelverket for brukarbetaling i løpet av 2015. Føresette skal ikkje betale meir enn 6% av familien si skattbare inntekt i brukarbetaling pr. år. Samstundes blei det innført 20 timar gratis kjernetid for 4 og 5 åringar dersom familiens inntekt ligg under kr 405.000,-. Dette har ført til reduserte inntekter på brukarbetaling i eininga på totalt kr 80.000,-. Ein har funne inndekning for dette innanfor ramma.

14.6 EINING FOR KULTUR

Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Tilrettelagt tursti: Jobbe vidare med prosjektet, "Ein sti for alle", ein universelt utforma tursti i området ved Sommarsletta, industriområdet og toglinja i samarbeid med Rådet for funksjonshemma og Folkehelsekoordinator. I 2015 vil vi har eit spesielt fokus på området Sommarsletta.
Har motteke midlar frå KMD på 50.000,- til å lage ein plan på universell utforming av området. Det har blitt gjennomført idemyldring og workshop med arkitekt, representantar frå fylkeskommunen og frivillige. Arkitekt John Sanden har laga ein moglegheitsstudie av innspela som kom fram og studier av området. Ein del av konklusjonen for området er at det må vere meir tilgjengeleg. Ei bru frå sentrum til Sommarsletta vil løyse dette og vil og vere ein turistattraksjon i seg sjølv. Ein vil jobbe vidare med dette i 2016.
- Utgreie korleis det skal krevjast inn eigenbetaling for bruk av Fleirbrukshuset.
Sak om prisar og reglar vart vedteke i kommunestyret i august. Dei som har aktivitet i Fleirbrukshuset vart gjort kjend med leiga, og blei belasta denne i haust.
Av innteningskravet på 30.000,- for haust 2015, fekk ein inn 16.400,-. I denne summen låg leige for alle tilbod Treungen IL dreiv i Fleirbrukshuset for vaksne, born er gratis, og utleige av Fleirbrukshuset til eit arrangement. Det er reist spørsmål frå Telemark kommunerevisjon om justeringsreglane for mva-kompensasjon er aktuelle, dvs. at tidlegare kompensert mva må tilbakeførast som fylgje av at det nå er ein utleigeverksemd

i bygget. Rådmannen meinte nei, og har vurdert leigeinntekta som "eigenbetaling", og er sett i samanheng med driftskostnadene, av ein uvesentleg storleik.

- Starte forarbeid med etablering av aktivitetssenter for eldre. Ein møteplass som eit ledd i førebyggjande helsearbeid.

På grunn av stor arbeidsmengde har dette ikkje blitt jobba med. Ein vil jobbe vidare med dette i samarbeid med frivilligsentralen når den er oppe og går.

Ein har likevel hatt arrangement retta spesielt mot eldre i samarbeid med Nissedal pensjonistlag. Og i haust vart det arrangert hygetreff på Tjørullkroa med musiker Nicolae Bogdan som heldt ein fin konsert.

Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetssinnhaldet.

Ungdomsklubben vert brukt av ungdommen, spesielt er fredagen ein populær dag.

Ungdommen er med på å bestemme aktivitet, og 6.juni var det fellestur til Tusenfryd.

Ungdomsklubben har og søkt og fått midlar frå Fri Fond til å byggje opp eit musikkstudio i samarbeid med kulturskulen. For midlane vart det kjøpt inn ny pc og musikkprogram og ein søkte også om midlar til opplæring i det nye musikkprogrammet. Ungdomsklubben var heldig og fekk 20.000,- til dette. Kurset vert gjennomført i mars/april 2016.

Det har også vore ekstra fokus på integrering i ungdomsklubben i 2015.

Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsying kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

Besøkstalet for 2015 var på 58,6 besøkande pr framsyningsdag. Talet for 2014 var 57,2 publikum pr framsyningsdag.

Talet på besøkande har gått litt opp, og det er vi fornøgde med, men målsetting er framleis å kome opp mot 70 publikum pr framsyningsdag.

Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

Det har blitt gjennomført opplæringstiltak i bibliotek, leseformidlingskurs.

Som ei prøveordning var det ope bibliotek kvar måndag i juli. Det var svært godt besøkt.

Utlånstalet for bibliotek auka kraftig i 2015. Det endelege talet frå nasjonalbiblioteket er ikkje klart enno, men ein ser ei betydeleg auke. Dette er vi svært nøgde med.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Bokbudsjettet styrkast generelt med kr 13.000, og spesielt til e-bok med kr. 8.000. Innføring av E-bok er gjennomført og ser ut til å vere vellukka. Ein ser at Nissedal er blant dei kommunane i Vest-Telemark som nyttar tenesta mest. Ei styrking av bokbudsjettet var svært naudsynt og det var eit etterslep på innkjøp etter reduksjon av innkjøp i 2014, noko som gjorde til at bokbudsjettet vart brukt opp i fyrste halvdel av 2015. Det vart innført innkjøpsstopp etter dette.

Spelemidler – kommunalt tilskot

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

Det vart i år sendt 2 søknadar om spelemidler for 2016. På ordinære anlegg var det aktivitetshall i Fleirbrukshuset og tilbygg til klubbhuset ved sentralidrettsanlegget i Treungen. Desse søknadane er fornya, sidan dei ikkje fekk midlar i 2015.

Skateparken byggjetrinn 2 i Kyrkjebygda er ferdigstilt og ein vil gjere opp prosjektet i 2016. Anlegget har blitt svært fint, og er eit godt tilbod til born og ungdom i bygda, men og for hytteturistar og turistar på gjennomreise. Her ser ein den ideelle lokalisering, med skule, andre idrettsanlegg og svært sentrumsnært.

Ålmenne kulturtiltak/arrangement

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS). Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.

Enkelt-arrangement.

DKS vart gjennomført etter plan og det vart jobba med ein ny handlingsplan for DKS i Nissedal. Planen vart ikkje ferdig, men ein vil gjere den ferdig i 2016. Denne kjem til kommunestyret for handsaming.

Fordeling av kulturmidlar og prosjektmidlar vart lagt fram for politisk handsaming i juni.

Spesielle tiltak/endringar i 2015

- Treungen IL er i 2015 blitt tildelt NM i motbakkeløp til Skuggenatten opp. Eining for kultur hjelper til med nokre oppgåver til arrangementet og har fokus på folkehelse og god profilering av kommunen.
Det vart løyvd kr 10.000 til Skuggenatten Opp frå kultur som ein del av ei støtte på kr 30.000 til NM i motbakkeløp. Resten av løyvinga kom frå næring og folkehelse.
- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2015.
Det var på våren konsert med Steinar Albrigtsen og Monika Nordli i Fleirbrukshuset og det var vårkonsert med kulturskulen 3. juni. På hausten var det foredrag med Styrk Trondsen torsdag 22. oktober, kulturkveld 13. november og jolekonsert laurdag 5. desember.
- Festkveld for dei frivillige i kommunen. Frivilligsentralen, Nissedal idrettsråd og kultur går saman om eit arrangement til alle dei som gjennom lag og organisasjonar jobbar på dugnad i kommunen.
I samarbeid med frivilligsentralen og Nissedal idrettsråd vart det arrangert ein frivilligkveld med Dag Otto Lauritzen. Dette vart ein vellukka kveld der mange møtte opp, ca 120, og der ein fekk markert på ein god måte at frivillig aktivitet er noko kommunen set stor pris på og verdset.
- Utdeling av kulturpris.
Kulturprisen vart utdelt til Frank Lien for 2015. Prisen vart tildelt han for sitt lange arbeid for å dokumentere og bevare kulturhistoria i kommunen og for sitt arbeid med å samle inn gamle bilde frå kommunen. Kulturprisen vart delt ut på kulturkvelden fredag 13. november, som hadde tema "Gamalt og nytt frå Nissedal".
- Markering av friluftlivets år.
Eining for kultur og folkehelsekoordinatoren jobba saman om eit turprogram for 2015. Det vart henta inn arrangement frå turlaga i kommunen og sett det saman til eit program som låg i Nissedalsbrosjyra og på heimesida. Det vart og arrangert ordførarens tur på Felle i juni.
- Søke midlar frå "Kulturell spaserstokk".
Nissedal kommune vart tildelt kr 8.484,- til den kulturelle spaserstokken for 2016. Midlane gjekk til hyggjetreff på Tjørullkroa med musikal Nicolae Bogdan som heldt ein fin konsert, og vi fekk servert god mat. Det resterande av midlane vart sett på fond til bruk i 2016.

- Søke midlar frå "Kulturell bæremeis".
Det er ikkje egne midlar å søkje på for den kulturelle bæremeisen, men fylkeskommunen lagar gode og svært rimelege produksjonar som barnehagane i kommunen får tilbod om. Det har vore ei framsyning i februar ein i juni og ein i november. Eining for kultur sitt bidrag til dette, er å legge til rette og vere til stades under framsyningane.

Kulturvern og –samlingar

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Utarbeide Kulturminneplan.
Arbeidet med ein kulturminneplan har ikkje starta på grunn av stort arbeidspress på andre område.

Kulturskule

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einkilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

Vårkonserten i kulturskulen vart arrangert 3. juni i år, der alle elevane i kulturskulen deltok. Konserten var i Fleirbrukshuset. UKM vart arrangert 27. februar i eit samarbeid med Fyresdal kommune. Dette fungerte godt og frå Nissedal vart det sendt vidare 4 innslag.

Kulturskuletimen vart gjennomført på Fjone og Kyrkjebygda, men på Tveit skule vart det ikkje gjennomført fordi ein prioriterte å auke kulturskuletimane med 5 min, og om ein skulle gjennomført begge deler, ville enkelte lærarar i kulturskulen kome over 100% stilling. Ein prioriterte då å auke undervisningstimen i kulturskule med 5 min jamfør vedtak. Kulturskuletimen var tilbake til vanleg drift etter sommarferien.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Kulturskuletilbodet styrkast ved å utvide kulturskuletimen med 5 minutt. Dette utgjer ei auke på 10% fast stilling.
Det har i vår blitt gjort ei utviding til 25 min time pr elev i kulturskulen frå veke 9. Det har blitt gjort ei stillingsauke på ein lærar og for å ikkje komme over 100% stilling vart det lagt inn 25 min time på alle elevar og så vart kulturskuletimen ikkje gjennomført frå mars. Då skuleåret starta igjen i august var 25 min time og kulturskuletimen på plass og auken på 10% stilling er gjennomført.

Det vart som eit prøveprosjekt innført dans som tilbod frå 1. – 10. klasse frå veke 42 2015 og til påske 2016. Det var ei veldig god påmelding, 47 born frå kommunen meldte seg på. Kurset har vore svært velukka og det har stått seg økonomisk. Det har lenge vore eit stort ynskje om dans og påmeldinga viser at mange i kommunen er interessert i dette.

Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd er knytt til fritidsklubben, men har ikkje vore særleg aktivt i fleire år.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Det må kartleggast kvifor ungdomsrådet ikkje har fungert, og kva som skal til for å få det til å fungere.
Det er har blitt jobba litt med og det har kome eit initiativ frå skule om dette. Ein jobbar vidare med å få ungdomsrådet opp å gå.

Flyktingetenesta

Det vart fatta vedtak om at Nissedal kommune skulle ta imot flyktningar i kommunestyret 27.11.14: *Nissedal kommune seier ja til å busette inntil 30 flyktningar i perioden 2015-17 i tråd med oppmodinga frå IMDI og to departement; Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.*

Plan for busetting av flyktningar blir utarbeidd og lagt fram for kommunestyret våren 2015. Det må tilsetjast ein flyktingkonsulent som utarbeider ein flyktingplan som skal handsamast i kommunestyret før busetting av flyktningar.

Med utgangspunkt i dette vedtaket vart det tilsett 2 flyktingekoordinatorar i 30% og 70% stilling i slutten av mars 2015. Det vart bestemt at flyktingetenesta skulle ligge under eining for kultur.

I kommunestyret 21.05.15 vart Plan for busetting og integrering av Flyktningar i Nissedal kommune 2015 – 2017 lagt fram og vedteke. Planen tek føre seg alt frå opplæring og integrering til målsettingar med arbeidet.

Hovudmålsettinga er: *Flyktingane som busettast i Nissedal kommune skal takast i mot på ein god måte og vere integrert i løpet av ein 5 års periode.*

Det vart i perioden frå mars til juni gjort klart til tilflytting ved at det vart kjøpt ein einestad i Solås i Treungen og prøvebustaden i Kåsa Solli vart gjort om til flyktingebustad. Husbanken var med og finansierte begge huskjøpa.

Det vart lagt til rette for vaksenopplæring i det som var Mat og vinstoga i sentrum av Treungen. Det vart kjøpt inn naudsynt programvare for rapportering.

Det var og ei målsetting med god informasjon til samfunnet, både kommunal drift og private fekk informasjon. Vi fekk 23. juni ein familie til oss på 8 personar og 13. august fekk vi vår andre familie på 7 personar. Til saman tok vi imot 15 personar i 2015, dette var 5 fleire inn det stod i vedtaket. Det at vi tok imot 5 fleire enn vedtaket, gjorde at vi fekk eit ekstratilskot på 250.000,- i 2015, tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Sjukefråvær:

Eininga har pr. 2.tertial eit sjukefråvær på 1,03 %. Dette er eit lågt sjukefråvær og ein er svært nøgd med dette. Det er ei målsetting å ha ein nær kontakt med den tilsette, og at terskelen for å seie i frå om arbeidsrelaterte problem er låg. Slik kan ein løyse saker før det blir eit problem.

HMS/Internkontroll:

Det vart gjennomført vernerunde 19. mai saman med eining for skule. Ingen store avvik vart rapportert. Dei store avvika som lekkasje i taket over garderobane i Fleirbrukshuset, innsyn i garderobane på Fleirbrukshuset og avvik i murbygget (jamfør rapport om miljøretta helsevern) vart lukka.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for kultur slik:

| | | | |
|------------------------------|-----------|-------------------------------|-----------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| Bokinnkj./Kulturpris tilbake | kr 40.000 | Eigenbetaling Fleirbrukshuset | kr 30.000 |
| Auke post arrangement | kr 30.000 | | |
| Auke kino/bading | kr 30.000 | | |
| Kulturskuletime | kr 50.000 | | |
| Auke bokbudsjett/e-bok | kr 21.000 | | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

Drift av flyktningkontoret/introduksjonsstønad kr 1.258.000

Totalt hadde eininga eit mindreforbruk på kr 53.000.

Dette mindreforbruket kjem på bakgrunn av mindreutgifter på flyktningområdet på kr 88.000,-. Det er vanskeleg å legge eit nytt budsjett og sjå føre seg kva utgifter som ein med rekne med. Det største avviket ligg på utbetaling av introduksjonsløn, som ikkje vart så høg som rekna med. På utgiftspostane er det eit meirforbruk på flyktning på 41.788,-.

På kulturskulen er budsjettet i balanse, men brukarbetaling er høgare enn budsjettert, dette fordi det vart mange påmeldte til dansekurset vi arrangerte. Dansekurset vart finansiert med sjølvkost og stod seg økonomisk.

Biblioteket hadde eit meirforbruk på 24.000,-. Dette skuldast eit generelt meirforbruk på utgiftspostane og spesielt på bokkjøp. Det var etter 2014 eit svært lang restanseliste på bøker i biblioteket, og for å imøtekome etterspørsel vart det kjøpt inn noko over evne.

Det er ubudsjetterte inntekter og utgifter på arrangement Fleirbrukshus, men kapittelet er i balanse. Dei store inntektene og utgiftene skuldast for det meste arrangement som kulturkveld og inntekt på utleige av Fleirbrukshuset.

14.7 EINING FOR HELSE OG HABILITERING

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Helsepersonelloven
Folkehelseloven
Pasient og brukarrettighetsloven
Kommunehelselova

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eininga gjev helse og omsorgstenester etter kommunehelselova til innbyggjarane i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endingar for 2015

- Revidere plan for hab-/rehabilitering i Nissedal kommune.
Arbeidet er utsett til 2016
- Starte arbeidet med revisjon av bustadsosial handlingsplan.
Arbeidet er utsett til 2016
- Utarbeide ein folkehelseoversikt som kan leggjast til grunn for neste rullering av kommuneplanen.
Arbeidet er i gong og vil være klart til rullering av kommuneplanar i 2016
- Vidareutvikle brukarmedverknad i tenestene. Gjennomføre brukarundersøking i tråd med kvalitetsreforma.
Brukarundersøking er gjennomført og leggjast til grunn i samhandling med brukarar og pårørande.
- Vidareutvikle internkontrollsystem innafor avdelingane. Dette skal sikre at brukarar vert ivareteke i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vedteke rutinar skal leggjast ut på kommunens nettsider.
Har vore arbeidd kontinuerleg med, og er for det meste ferdigstilt.

Tenester for funksjonshemma

Tenestene er i stor grad organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i egne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Treungen. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert ytt etter enkeltvedtak. Kåsa har vore gjennom store endringar dei siste 2 åra. Endringane fortsetter i 2015 då teamleiar og konsulent, til saman 1,6 stilling, skal avviklast.

I tillegg til tenestene i Kåsa sørger kommunen for at dei som har behov for det, får støttekontakt. Hausten 2014 er det 5 brukarar som har støttekontakt. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Kåsa har vore gjennom ei stor endring som resulterte i ein ny arbeidsplan 14.09.2015. Den såkalla 80/100 avtala er nå avslutta i sin heilhet. Dette gav noko økonomisk gevinst i 2015. Kåsa har med dette svara på dei utfordringane kommunestyret har gitt sidan 2013. Drifta er nå tilpassa brukarane og under god fagleg og økonomisk kontroll.

Utover dette er tenestene på Kåsa uendra. Det har kome eit nytt vedtak om støttekontakt og eit nytt vedtak om BPA. Det er inngått ein opplæringsavtale med ein person som ikkje har fått lærlingkontrakt under ordinære vilkår. Dette er eit samarbeid med fagopplæringskontoret i Telemark, OKOS, NAV og Nissedal kommune. Tiltaket er ein følge av kommunen si tilretteleggingsplikt i IA-avtalens del 2.

Spesielle tiltak/endringar for 2015

- Slutføre arbeidet med ny bemanningsplan tilpassa den økonomiske driftsramma. Arbeidet vart sett i gang i 2014 og slutførast i 2015.
Arbeidet var ferdig 14.09.2015.
- Redusere administrativ ressurs med ein teamleiar og konsulent til saman 1.6 årsverk, jfr omorganisering av merkantil ressurs saman med eining for omsorg.
Gjennomført frå 01.01.2015.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. I eit samarbeid med Åmli kommune gjev Mila også aktivitetstilbod til personar frå Åmli. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar med psykisk sjukdom. Mila har 1,1 årsverk fordelt på 2 personar.

Åmli kommune avslutta kjøp av 2 plassar ved Mila frå 01.11.2015.

Spesielle tiltak/endringar for 2015

- Utvikle Mila til ein møteplass for ei breiare brukargruppe, jamfør forventingar frå helsedepartementet, i samarbeid med Kvito og NAV.
Samarbeid med Kvito er etablert og det er inngått ein avtale om praksisplass på Mila. Det har ikkje vore mogleg å få NAV med på eit samarbeid rundt brukarar som treng bistand. Nissedal kommune har inngått avtale med Kvito om 3 halve tiltaksplassar i 2015.
Det vart inngått ny avtale med Kvito om eit nytt tilbod kalla LIV med oppstart 01.01.2016.

Helseavdelinga

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekantoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar-ressurs i 40% som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta har to tilsette til saman 80% stilling. Tenesta inkluderer oppfølging av alle gravide før og etter fødsel, samt fylgjeteneste i samband med fødsel. Det siste er eit samarbeid med helse Sørøst.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 100% fysioterapistilling. 60% er på driftsavtale og 40% er fast tilsett i kommunen.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsesyster i 80% stilling. Helsesyster har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette. Friskliv drivast med prosjektmidlar og tilsette i helseavdelinga jobbar med forskjellige aktivitetar.

Tenester innanfor psykiatri barn og vaksne : Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar. Tenestene i helseavdelinga går som planlagt. Kommunelege 2 vart tilsett frå 9.mars. Han sa opp stillinga etter kort tid. Ny kommunelege 2 er tilsett, og han startar opp 1. mars 2016. Det er i mellomtida inne ein vikarlege. Det har siste tida vore store utfordringar med nye brukarar som har omfattande problem med rus og psykiatri. Inntil vidare klarer me å gje tenester innanfor tildelt ramme. Dette går fordi det utvida samarbeidet med Kvito avlastar personell i psykiatrien mykje.

Jordmortenesta må etablerast på nytt. Kommunejordmor døde etter kort tids sjukdom samtidig som ei jordmor tilsett som vakt ved fylgjetenesta har varsla at ho vil seie opp stillinga si frå nyttår. Ny organisering av jordmortenesta skal vere klar til 1.1.2016.

Spesielle tiltak/endingar for 2015

- Etablere "kommunale-øyeblikkelig-hjelp-plassar" (KØH-plassar) lokalt saman med eining for omsorg. Prosjekt starta opp i 2014 saman med samhandlingskoordinator i Vest-Telemark og Fyresdal kommune.
Rådmannen har vurdert at det ikkje er mogleg å etablere slikt tilbod lokalt, innafor forsvarlege økonomiske og faglege rammer. Dagens løysing med kjøp av plass på Myra-tunet i Arendal, ein plass ein til nå ikkje har bruka, er heller ikkje noko god løysing, og rådmannen jobbar med andre samarbeids-modellar.

Sjukefråvær :

Eininga hadde i 2015 eit sjukefråvær på 4,46 %. Dette er fordelt mellom 1,44 % korttidsfråvær og 3,01 % langtidsfråvær. Dette er ei mindre auke frå 2014. Eininga er fortsatt godt under målet på 7%. Det arbeidast godt med å førebyggje sjukefråvær i eininga.

Avvik/HMS :

Det er ikkje registrert HMS-avvik i 2015. Det er gjennomført vernerunde og utarbeidd handlingsplan.

Kompetanseutvikling :

Eininga fekk saman med eining for omsorg kr 165 000 i opplæringsmidlar frå fylkesmannen i Telemark. Nissedal kommune fekk kr 55.000 til opplæring for helse personell og kr 110.000 til opplæring innanfor BPA. Eininga sender personell på aktuelle kurs og samlingar i regi av Telemark fylkeskommune, sjukehuset i Telemark og NAV. Det er ingen tilsette i eininga som er i gong med større etterutdanningar utover ein tilsett som er ferdig med 2 års vidareutdanning innanfor psykiatri våren 2015. Kr 75.000 av midlane som vart tildelt til opplæring innanfor BPA er overført til 2016.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for helse og habilitering slik:

| | | | |
|-----------------------------|------------|-----------------------------------|--------------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| 2 enkeltsaker – auka tilbod | kr 523.000 | Ikkje avsett medel ansv.avklaring | kr 1.500.000 |
| Auke kostnad legevakt | kr 128.000 | Auke inntekt ress. brukarar | kr 100.000 |
| Endr. avtale fysioterapeut | kr 86.000 | Auke div. tilskot | kr 100.000 |
| Ref. barnevern bortfalt | kr 510.000 | 100% teamleiarressurs | kr 375.000 |
| Innslagspunkt ress.brukarar | kr 259.000 | 60% konsulentstilling | kr 285.000 |
| | | Auke inntekt legekantoret | kr 400.000 |

Gjennom året var dei vesentlege endringa av budsjettet:

| | |
|-------------------------------------|------------|
| 10% vakant jordmorstilling redusert | kr 63.000 |
| Unyttta medel legekantor trekt ut | kr 60.000 |
| Utvida kjøp av VTA-plassar | kr 230.000 |
| Generelt kutt | kr 200.000 |

Eininga som heilhet har eit mindreforbruk på kr 888.000 i 2015.

Dette skuldast i hovudsak vesentlege meirinntekter på legekantoret gjennom året og mindreforbruk av løn ved Kåsa grunna endring av arbeidsplan. Ingen av dei andre avdelingane i eininga har vesentlege avvik. Eininga arbeidar kontinuerleg med å optimalisere bruken av tilgjengelege ressursar. Eininga hadde i 2015 eit budsjett som var godt tilpassa forventta drift.

14.8 EINING FOR OMSORG

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimsplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester
 Pasient- og brukarrettighetsolva
 Helsepersonellova
 Norm for informasjonssikkerhet
 Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg
 Demensplan 2015

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta ,som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Eininga skal auke sin kompetanse i bruk av IP (individuell plan arbeid).
Dette vart ikkje prioritert.
- Nasjonalt kompetanseløft. Søkje eksterne midlar, samt utarbeide plan for kompetanseheving/fagutvikling for helsefagarbeidarar og vidareutdanning av høgskulepersonell i fagområder som; geriatri, rehabilitering, demensomsorg og psykiatri.
Sjå pkt.kompetanseheving. Som ei førebuing til å etablere lokal KØH-plass har sjukepleiarar gjennomført hospitering på KØH-avdeling i Skien. Det er no høgst usikkert om det er økonomisk og fagleg forsvarleg å etablere eigen KØH-plass, og rådmannen har gått i dialog med Kviteseid kommune om eit samarbeid. Ved utgangen av 2015 veit vi ikkje korleis dette landar.
- Vidareføre fokuset om å få auka kompetanse i prosjekt KØH(kommunale ø-hjelp plassar) jfr. samhandlingsreforma sitt krav om dette.
Sjå punktet over.
- Evaluere brukarundersøkinga som vert gjennomført nov/des 2014 for å sikre brukarmedverknad i dei ulike tenestene, jfr kvalitetsforskrifta. Planlegge ny brukarundersøking i 2016-17 som tek utgangspunkt i 2014 svara.

Brukarundersøkinga som vart gjennomført nov/des 2014 for å sikre brukarmedverknad i dei ulike tenestene, jfr kvalitetsforskrifta vart evaluert. Det var generelt gode tilbakemeldingar frå mottakarar av tenester frå eining for omsorg. Evalueringa viser at det kunne vore meir nyttig/hensiktsmessig med ein meir utfyllande undersøking- ikkje bruke den forenkla utgåva.

PLO – institusjon og heimesjukepleia har eit snitt på 2,0 (høgast kommune ligg på 2,0 og lågast kommune ligg på 1,8). PLO- heimehjelpstenester ligg på eit snitt 1,9.(høgast kommune 2,0 og lågast kommune 1,9).

- Utarbeide plan for etablering av dagtilbod for personar med demens, som er heimebuande (jfr demensplan 2015).
Det er etablert eit "demensteam" som skal ha tett samarbeid med kommunelege, og skal aktiverast når det blir retta spørsmål til teamet. Dette skal vera eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, dvs at dei kan ta direkte kontakt.

Administrasjon/tenestekontor:

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering. Saker vert behandla fortløpande. Kvalitetssikring av system vert ivareteke.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Merkantile konsulentstillingar i eining for omsorg og eining for helse og habilitering vart slege saman til ei 100% stilling. Stillinga vart organisatorisk lagt til eining for omsorg, men skulle utføre oppgåver for begge einingane.
Erfaringa i 2015 var at helse og habilitering ikkje har nytta denne felles merkantile ressursen. Som eit ledd i å redusere driftsutgiftene i eininga, vart 20% mellombels omdisponert til fellestenesta nov. og des. 2015.
- Iverksetjing av ny digital læringsarena via KS læring. Særleg satsingsområde her vil vera at alle tilsette som treng legemiddelhandteringskurs skal utføre dette via KS læring sin portal.
Tenestekontoret har starta undervisning via KS-læring sin portal. Det blir evaluert som svært bra og nyttig. Det er no gjennomført kurs i legemiddelhandtering for alle brukarane som treng godkjenning for utlevering av medikament.

Institusjonstenester :

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids - og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttids plassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriterier. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast.

I 2015 har det til tider vore overbelegg på institusjon med bruk av rom på "kontor" og korridor. På denne måten har ein klart å unngå overliggardøgn på sjukehus eller kjøp av plass i anna Vest-Telemark kommune. Overbelegg og auka pleietyngde har ført til at ein i periodar har hatt ekstra bemanning på kveldstid. Det har ikkje vore mogleg å tilby plassar til andre kommunar, når det har vore forespurd.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Hausten 2015 var krevjande på fleire områder.

Det var svært krevjande pasientbelegg som var urolege og døyande. Vi mangla og kvalifisera personell då det var hol i turnus på sjukepleiesida etter at to sjukepleiarar gjekk av med pensjon.

Samstundes skulle vi spare inn for ikkje å få for stort underskot ved utgangen av året. Det var eit overforbruk på skjerma avdeling, noko som gjorde at vi beslutta å avvikle vikarbanken på den avdelinga i ny turnus. Sjukefråveret heldt seg og høgt då personalet vart svært slitne. To avdelingsleiarar vart sjukemeldte og vi var inne i ein vond sirkel. Arbeidet med å bygge nye turnusar, rekruttere fleire sjukepleiarar og få kontroll på økonomien starta.

Heimebaserte tenester:

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. Ved utgangen av 2015 er det 27 personar som har tryggleiksalarm.

Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2014 er det 54 personar som er tildelt ulike heimetenester og 39 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp).

Utfordringane som vart rapportert rundt auke i brukargruppe på rus/psykiatri som treng dagleg oppfølging har halde fram. Det same har auken i reisetid på grunn av dagleg hjelpebehov rundt i heile kommunen, noko som merkast på bruk av tid i bil og køyreutgifter. Grunna tett samarbeid mellom heimetenesta og institusjon vart det då mindre ressursar til institusjonen. Ein stadig dragkamp for personalet mellom institusjon og heimetenestene gjorde personalet frustrera og slitne, noko som gjorde at vi bestemte å omdisponere interne midlar for å styrkje nokon av kveldane. Det innebar at vi starta arbeidet med å lage nye turnusar. Dei treer i kraft frå 2016.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.
- Tenestene må tilpassast endingar i forhold til auka pasientar med samansette utfordringar, til dømes kroniske sjukdomar, kreft, rus/psykiatri.
Syner til merknadar for heimesjukepleia. Tenestebehovet aukar og endrar seg.

Serviceavdelinga:

Reinhald, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkkenet har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak).

Ved utgangen av året var det 18 personar som fekk middag i frå omsorgssenteret 3 gonger i veka.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Grunna meirforbruk totalt i eininga heldt vi 20 % stilling vakant i reinhald dei to siste månadene av året.

Sjukefråværet

I 2015 var sjukefråværet på 9,26 %, mot ein målsetnad om å ligge under 7%. Reelt fråvær var endå høgare, 10,75%, då gjeldane fråværsstatistikk frå agresso ikkje tek med fråvær i helger. Noko av fråværet var arbeidsrelatert, spesielt muskel- og skjelettlidingar. Alle vart fylgt opp etter IA- avtalen, og det vart starta arbeid med eit forflytningsprosjekt.

HMS – Internkontroll:

Vernerunde vart gjennomført 29.04.15. Det var ulike ting å merka. Noko er utbetra i 2015, noko ikkje.

Kompetanseutvikling:

Kommunale kompetansemidlar vart bruka til turnuskurs i 5 dagar for 3 leiarar, eit 2 dagars kurs i velferdsteknologi for 2 sjukepleiarar og profiloppdatering 1 dag for sakshandsamar ved tenestekontoret. Ved hjelp av fylkeskommunale midlar fullførde 5 personar ABC- demens kompetanseheving og ein sjukepleiar tok vidareutdanning i aldring og eldreomsorg. I tillegg var sakshandsamar ved tenestekontoret på kurs i BPA.

I 2015 vart det løyva pengar til oppretting av kommunal øyeblikkeleg hjelp plass. Noko av dette vart øyremerka kompetanseheving for personalet. Det vart difor gjennomført ein runde med hospitering på tilsvarende plass i Skien og Arendal i tillegg til 2 fagdagar. Totalt 13 sjukepleiarar var på hospitering og 9 personar var på fagdag.

Det vart også gjennomført 2 økter med forflytningsundervisning på NOS ved fysioterapeut.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for omsorg slik:

| | | | |
|----------------------------|------------|----------------------------|--------------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| Aktivtør tilbake | kr 150.000 | Ordning med KMF fjerna | kr 1.820.000 |
| Auke 15% konsulentstilling | kr 73.000 | Auke eigenbet./sal plassar | kr 248.000 |
| Auke utg. hemesj.pleie | kr 80.000 | | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

| | |
|-------------------------------------|------------|
| Styrking pga. svikt innt./eigenbet. | Kr 100.000 |
| Generell styrking | kr 70.000 |

Totalt hadde eininga eit mindreforbruk på kr 3.000

Grunna mindreforbruk i 2014 i samband med kommunal medfinansiering vart det eit etteroppgjær som gav oss ei meirinntekt på kr. 171.000. Det er og noko meir brukarbetaling på heimehjelp enn budsjettert, kr. 35.000. Samstundes er det eit meirforbruk på løn, på kr 283.000, som er knyt til at KLP-utgiftene vart kr 59.000 meir enn stipulert, og eit meirforbruk på vikar og overtidsutbetaling.

Det var stipulert inntekt på kr. 400.000 på sal av sjukeheimsplassar til andre kommunar. Det vart ikkje leigd ut plassar i heile 2015 då alle sengene vart nytta av eigne innbyggjarar. Det er kun inntektsført kr. 67.500 frå 2014 på utleige. I tillegg hadde vi i periodar noko overbelegg. Det førte til ei inntektsauke på kr.220.000 på opphaldsbetaling. Samla sett gav dette oss likevel eit negativt resultat på kr. 100.000. Jamfør budsjett. Dette vart kompensert for i 2. tertial.

14.9 EINING FOR TEKNISK DRIFT

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomst til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivareta særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Handlingsplan for trafikksikring 2012-2015
Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015
Plan for kriseleining og beredskap.

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

Teknisk eining har hatt eit normalt driftsår utan store uføresette hendingar. Vinteren var relativt mild med lite snø. Dette gjev ei innsparing på oppvarmingskostnadane, men mykje strøing på vegar og fortau. Ekstremveret Petra gjorde ein del flaumskadar på kommunale grusvegar i september, men i høve til mange andre kommunar laga storflaumen små problem i vår kommune.

Mest gledeleg for eininga i 2015 var oppstart av nytt vassverk i Treungen.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Utleigebustader

Kommunen har totalt 31 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

I fyrste halvår var ikkje dei 2 nye prøvebustadane i Kåsa - Solli utleigd, utanom dette har det kunn vore litt ledig i samband med skifte av leigetakarar. Eit bad i aldersbustad i Nissedal er totalrenovert. Utover dette er det kunn gjort mindre vedlikehaldsarbeid på utleigebustadane. Lærarbustaden på Framnes vart sterkt brannskadd i oktober og kan ikkje leigast ut før omfattande renovering er gjennomført.

Det er kjøpt ein bustad for mottak av flyktningar i Solås bustadfelt. Det er teke høgde for noko utbetring av denne i investeringsbudsjettet. Ordinært vedlikehald må i utgangspunktet dekkast av auka husleigeinntekter, og eininga er ikkje tilført midlar for dette.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
Det var gjennomført omfattande langtidsmåling av radon i februar/mars med i alt 91 målepunkt. Resultat syner at det er mange bygg som treng radonreduserande tiltak, men ein ser også at gjennomførte tiltak verkar og at heildøgnsdrift av ventilasjonsanlegg kan løyse problemet i ein del bygg.
Det blei hausten 15 gjennomført fysiske tiltak ved tetting og avsug i fyljande bygg: Småskulen, biblioteket, symjehallen, Kåsa bu og avlastning.
- Tilsyn og vedlikehald av innkøyrse til aldersbustadene i Kyrkjebygda.
Arbeidet blei delvis utført hausten 14. Planlagt nytt toppdekke blei utsett, jf. generell innkjøpsstopp hausten 15.

Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

Drift av desse bygga har i hovudsak gått greitt i 2015. Det er kunn på fleirbrukshuset det har vore ekstra kostnader til bytte av lysarmaturar og diverse reparasjonar.

I symjehallen er det varsla ein stor kostnad på bytte av varmevekslar. Kommunen har reklamert og eit servicefirma tek kostnaden med varmevekslaren grunna feil frå deira side, men kommunen vil få kostnader rundt bytta av kompressor og div. defekte installasjonar som ikkje skuldast servicefirmaet. Det har vore komplisert å få avslutta denne reklamasjonssaka og utbetring skjedde fyrst i februar16.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Gjennomføre tiltak i rapport for miljøretta helsevern for skulebygg.
Arbeida starta på Tveit skule i skuleferien. Sløydsal og skulekjøkken er ferdigstilt med godt resultat. Krav om universell utformring gjer at det er montera automatiske dørropnar på begge skulane i Treungen og på desse bygga er det gjennomført merking både inn og ute av omsyn til synshemma.
Ny vestvegg på Kyrkjebygda skule samt oppussing av lærargarderobar og div mindre tiltak frå rapporten blei gjennomført hausten 15.
Dei tiltaka i rapporten som gjeld Fjone skule vil bli utført våren 16.
- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar.
Det blei i haust bli gjennomført tiltak mot radon i Kåsa bu og avlastning, biblioteket, småskulen og Tveit skule/fleirbrukshus.
- Bygging av trimrom i fleirbrukshuset.
Byggeprosjektet er ferdig, og det var offisiell opning 13.oktober.

Andre bygg (NSB-eigedom)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

Ingen særlege tiltak så langt i år. Pipo var ikkje i drift dei fyrste 8 månadane i år og har fått fritak for husleige i den perioden.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Utbetring av tak på vasstårnet på Gaukås stasjon.
Utbetring av taket blei gjort i veke 25. Nye takrenner var planlagt montert hausten 15, men blei utsett grunna generell innkjøpsstopp.

Grøntanlegg

Kommunen har grønntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

Ordinær drift.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Vegar og plassar

Kommunen har 24,4 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer.

Vinteren var mild og snøfattig. Kommunen har fastpris på brøyting slik at snøfattige år gir ingen innsparing. Strøing blir fakturert etter medgått tid og mild vinter fører ofte til meir strøing. Uveret "Petra" har saman med andre kraftige nedbørsperiodar gjort noko skade på kommunale grusvegar, særleg Skållivegen og vegane i Nordbygda. Alle fastpriskontraktar på brøyting har opphørt og ny anbudsrunde er gjennomført. Diverre viser nye anbod ein betydeleg prisauke i høve til gjeldande kontraktar. Auken er på omlag kr 250.000 pr. år som tilsvarar ca.40%auke. Avtalen har fast pris i 5 år framover, men kan seiast opp med 1 års varsel.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Teknisk eining har i den årlege tilstandsrapporten og i andre samanhengar påpeika at det er eit betydeleg vedlikehaldsbehov på Fjoneferja. Ny drivar tok tak i dette og var viljug til å utføre arbeidet vederlagsfritt mot at kommunen dekkar materialkostnader og nødvendig innleigd hjelp. For ein kostnad på om lag kr 110.000 er ferja måla, det er montert ny hydraulikk på lemmer, ilandkøyringsrampar er utbetra med meir, og båten står nå fram som godt vedlikehalde. Det blei alikevel ein kortvarig driftstans på hausten grunna tekniske problem og totalt har ferjedrifta i 2015 kosta over kr 200.000. I samband med rapport for 1 tertial 15 bad eininga om å få tilført kr 100.000 for ekstra vedlikehaldskostnader på Fjoneferja, men dette vart ikkje imøtekomme.

Brann og ulykkeberedskap

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS. Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmannskap.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

Det har vore få brannar og ulykker i kommunen i 2015, totalt 16 utrykkingar.

To av desse var alvorlege, ein husbrann på Framnes og ei trafikkulykke på R41 ved Nes der ein motorsyklist omkom.

4 brannkonstablar starta haust 15 på lovpålagt grunnopplæring i brannarbeid.

Vatn og avlaupsanlegg

Kommunen har i 2015 fått ca. 100 nye vatn-abonnentar gjennom overtaking av vassforsyning til Solheia og Utsjå hyttefelt. Totalt er det no ca. 850 vatn og 1.500 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. 1. juni 2015 starta for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune. Nissedal kommune er vertskommune og står for drift av anlegga.

Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevællag, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Alt leidningsarbeid i Gautefallheia VA er fullført og leidningsnettet er tatt i bruk. Vassverket hadde prøvedrift i påska og blei sett i ordinær drift frå 1.juni. Som vanleg ved ny anlegg har det vore nokre utfordringar ved oppstart, men anlegget går no godt og leverer topp kvalitet på drikkevattnet.

Ny slambehandling ved Treungen reinseanlegg er tatt i bruk og anlegget fungerer svært bra reinseteknisk. Avvatning av slammet reduserer transport og behandlingstknadar hjå IATA betydeleg.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- I samband med at nye anlegg settast i produksjon må rutinar for drift og internkontroll evaluerast og endrast.
Driftsovervakingsystem er installera. Revisjon av internkontroll dokument er under arbeid.
- Oppfølging siste del av VA-utbygging på Gautefallheia i samarbeid med Drangedal kommune.
Byggeprosjektet vert fylgd opp kontinuerleg. Felles drift er etablert 1.juni 2015.
- Utgreie løysing kring reinseanlegg i Kyrkjebygda.
Dette vil bli vurdert gjennom arbeidet med overordna vass og avløpsplan. Arbeidet starta hausten 15, men er ikkje fullført.
- Revidere forskrift om kommunale avgifter, og m.a. vurdere talet på faktura-terminar.
Omlægging til 3 fakturaterminar vart innført pr. 1.januar 2015. Revisjon av forskrift er under arbeid.
- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar.
Det har vore jobba mykje med dette i 2015. Kommunestyret har godkjent avtale om kjøp av Solheia og Utsjå vassverk. Dette gir ca. 100 nye abonnentar. Det jobbast svært aktivt med utviding av Felle vassverk for å forsyne Havrefjell og Sandtjønnlia hytteområde. Dette vil gi ca. 200 nye abonnentar. Innleiande samtalar om kommunal vassforsyning til Kyrkjebygdheia er også gjennomført.
- Starte planprosess for utarbeiding av overordna vass og avlaupsplan.
Planarbeidet starta i november 15 og vil pågå i 2016

- **Utgreie sak om digital avlesing av vassbruk.**
Det er laga ei ordning der abonnentar kan gje tilbakemelding om vassmålarstand på nettet eller som SMS. Innført med verkand frå 01.01.2016.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet totalt for eininga var i 2015 på 6,72%. Dette fordeler seg på 0,34 % innan VA-drift og 8,44 % innan anna drift. Det meste av fråværet er langtidsfråvær.

Avvik/HMS:

HMS og internkontrollsystemet vert nytta, og vernerundar er gjennomført etter oppsett plan.

Kompetanseheving:

Eininga har fått tildelt kr 80.000 i opplæringsmidlar som i sin heilheit er nytta til lovpålagt opplæring av brannmannskap.

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endringane i ramme for teknisk slik:

| | | | |
|--|------------|-----------------------------|------------|
| Auke av ramme: | | Reduksjon av ramme: | |
| FDV-Tambaga halvår: | kr 90.000 | Leigeinntekter prøvebustad | kr 160.000 |
| Fin. av ferja/sommerren. normalt | kr 178.000 | Vidareføring nivå feiegebyr | kr 110.000 |
| Ikkje standardnedgang | kr 100.000 | Red. opplæring brann | kr 70.000 |
| Ikkje eige kommag. komm.bygg | kr 200.000 | | |
| Radonutbetring komm. bygg | kr 200.000 | | |
| Bortfall leigeinntekt Kilen/Telegrafb. | kr 65.000 | | |

Gjennom året var dei vesentlege endringane av budsjettet:

| | |
|---|------------|
| Red. av ramme ved auka fin. frå kraftfond | kr 50.000 |
| Red. ramme ved akt. av lønsutgifter | kr 100.000 |
| Mindreutgifter brann-førebyggjande | kr 50.000 |
| Generelt kutt | kr 50.000 |

Totalt hadde eininga eit meirforbruk på kr 166.000

Lønsbudsjettet for 2015 var på kr 6,079 mill og rekneskapen viser ein innsparing på ca. kr 96.000 i høve til opprinneleg budsjett. Dette kjem mellom anna som fylje av at einingsleiarløn er fordelt i høve til arbeidsoppgåver som i 2015 i stor grad har vore knytt til sjølvkostområde for vann og avløp, samt utbyggingsprosjekt.

Det har kome inn mindre husleigeinntekter enn budsjettet. Hovudgrunnen er at me ikkje greidde å leige ut prøvebustaden i Kåsa-Solli fyrste halvår av 2015, Pipo var ute av drift/hadde fritak for husleige i 8 månadar og bustaden på Framnes måtte fråflyttast grunna brann i oktober 15. Tap av leigeinntekter knytt til desse utgjer omlag kr 150.000.

FDV-kostnader til drifta av bygningsmassa er forsøkt redusert for å dekke inn meirkostnader på andre område innan eininga sitt ansvarsområdet. Det har kome ekstra kostnader til bytte av tørketrommel på NOS og oppvaskmaskin på Mila, til saman ca.kr 75.000, samt kr 50.000 i oppgradering av ljosarmaturar i fleirbrukshuset. Av løyving til radonreduserande tiltak er det nytta ca. kr 80.000 av kr 200.000 grunna mellom anna innkjøpsstopp på slutten av året.

Ansvar 4620 – FDV-vegar og Fjoneferja viser eit meirforbruk på kr 375.000 i høve til budsjett og ca. kr 250.000 meir enn fjoråret. Dei viktigast grunnane til dette er:
Ekstraordinert vedlikehald på Fjoneferja kr 110.000.
Nye fastpriskontraktar på vintervedlikehald fekk 1/3 verknad for 2015 tilsvarar kr 90.000.

Skadar på grusvegar etter ekstremveret "Petra" kr 70.000.
Innan brannvern har det vore eit normalt år med 16 utrykkingar til brann og ulykker. Det var tidlegare varsla at det ikkje ville bli arrangert grunnkurs for brannmannskap i 2015. Dette blei endra og 4 tilsette byrja på kurs i aug 15.
Eininga fekk tilført kr 80.000 frå opplæringsmidlane, men kostnaden blei kr 150.000.

Eininga har forsøk å dekke meirkostnadar som nemnd over ved å redusere driftsutgifter der det har vore mogleg, men kjem ut med eit meirforbruk.

Sjølvkostområdet for vatn og avløp.

Negativ netto ramme på dette området skal dekke kalkulatoriske avskrivningar, renter og indirekte kostnader. Ramma måtte styrkast med 742.000 i 1.tertial grunna at desse kostnadene synte seg lågare enn lagt til grunn i budsjettet. Årsakene var lågare rentenivå, forsinka framdrift som gjev seinare tidspunkt for avskrivningar, og lågare investeringskostnader. Rekneskapet syner eit negativt avvik på omlag kr 190.000, som skuldast dei same forholda som nemnd over.

På dette området har det vore svært mange endringar i høve til tidlegare års drift, og dette påverkar både inntekts- og utgiftssida i rekneskapen.

Samarbeidsavtale med Drangedal kommune om felles drift av vass- og kloakkanlegg for Gautefallheia vart gjort gjeldande frå 01.06.15. Etter forhandlingar overtok Nissedal kommune vassforsyning til Solheia og Utsjå hyttefelt 01.04.15 og overføring av kloakk frå hyttefeltet til Treungen RA frå 01.05.15.

Lønskostnadane er omlag kr 110.000 under budsjett i hovudsak grunna at utbyggingskoordinator har vore delvis sjukemeldt heile året.

Det har vore arbeida mykje med å utgreie kommunal vassforsyning til hytteområda på Kyrkjebygdheia og Felle. Det har vore nytta konsulent for omlag kr 200.000 meir enn budsjett til dette arbeidet.

Det nye vassverket er grunna større produksjon og betydeleg betre vassbehandling dyrare å drive enn tidlegare Tveitsund vassverk. Drangedal betalar deler av drifta og netto kostnad for Nissedal kommune blir omlag som før.

Ombygging av slambehandlingsdelen ved Treungen RA vil redusere kostnadane for slambehandling betydeleg, men dette var sett i drift så seint på året at verknaden for 2015 er liten.

Det kom inn omlag kr 400.000 meir i årsgebyr for vatn og kloakk enn budsjett.

Eingongsavgifter for tilknytning auka med heile kr 2.530.000 i høve til budsjett. Hovudgrunnen til dette er at 94 hytter i Solheia og Utsjå hyttefelt betalte kr 20.000 eks mva kvar i tilknytingsavgift for vatn.

Desse inntektene bidrog til at avsetning til sjølvkostfond innan vatn og kloakkområdet vart auka med omlag 2,9 millionar i høve til budsjett for 2015. Ved utgangen av 2015 var sjølvkostfondet for vatn på kr 2,79 mill. og for kloakk kr 8,5 mill.

14.10 INTERKOMMUNALT PLANKONTOR

Kommuneplanens mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova
Naturmangfaldslova
Matrikkellova
Eigarseksjoneringslova
Forureiningslova
Kommuneplan, spesielt arealdelen
Kommunedelplanar
Reguleringsplanar

Vidareføring av etablert drift:

Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2015 budsjettert med 5,95 årsverk. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

Plankontoret har hatt jamn tilgang på arbeidsoppdrag. Det blei utleigd arbeidskraft, tilsaman 525 timar, til eigedomsskattprosjektet.

Plankontoret har for inneverande år utarbeid tre reguleringsplanar i eigenregi, to i Kviteseid og ein i Nissedal (Langmoen motorsportssenter) .

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Vurdering av bemanning opp mot oppgåver, eventuelt utvide arbeidsfeltet til kontoret.
Plankontoret tok på seg meir reguleringsplanlegging i eigenregi (Langmoen, Midsundåsen og Morgedal). Arbeidskraft blei i tillegg utleigd til eigedomsskatt-prosjektet. Det gjekk også med ein del ekstra tid til adresseringsprosjektet i Nissedal. Bemanninga har vore godt tilpassa desse arbeidsoppgåvene.

Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2015: 1,20

- Utveksling av informasjon, ved regelmessige drøftingsmøte mellom politisk leiing i kommunen og plankontoret.
Plansjefen har møtt under behandlinga av plansaker i formannskapet. Frå 2015 er det etablert eit nytt kontaktpunkt, utviklingsteamet, der plansjefen deltek saman med næringskonsulent, rådmann og ordførar.
- Årleg sørgje for detaljregulering av minst fem nye attraktive tomter for heilårsbustad. Ved godkjenning av tomtedelingsplan for Damkollen kunne dette blitt oppfylt. Plangodkjenninga stoppa derimot opp etter motsegn frå vegvesenet til planlagt avkøyning. Dette må takast opp igjen og løysast i 2016. Det er likevel framleis fleire byggeklare tomter i regulerte felt både i Treungen sentrum og i grendene.
- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte. Heimesidene er oppdaterte så langt det let seg gjere. M.a. er endringane i Plan- og bygningslova frå 01.07.15 gitt god omtale.

Spesielle tiltak/endringar i 2015

- Slutføre rulleringane av kommunedelplanane for Treungen sentrum og Kyrkjebygdheia. Kommunedelplanen for Treungen sentrum blei eigengodkjent av kommunestyret 05.03. (sak 010/15). Kommunedelplanen for Kyrkjebygdheia har fått utsett framdrift, jf. k-sak 090/15. Nytt høyringsutkast for endra arealbruk vil bli lagt fram før sommarferien 2016.
- Utarbeide detaljreguleringsplan for Langmoen motorsportssenter. Reguleringsplanen blei godkjent av kommunestyret 10.09.15 (sak 057/15).
- Ferdigstille tomtedelingsplan for Damkollen. Saka har stoppa opp, etter at vegvesenet hadde merknader til planlagt ny avkøyning frå rv41. Det vil bli tatt ny kontakt med vegvesenet i 2016, der det vil bli lagt fram ei noko endra planløyning.
- Ferdigstille og integrere det digitale planregisteret i publikumsretta innsynsløyningar. Det er arbeid med dette, men arbeidet er omfattande. Det blir ikkje lagt ut som innsynsløyning før det er kvalitetssikra.

Kart og oppmåling:

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2015: 2,40 (frå 1/5: 2,70).

- Nytte ein høg oppmålingskapasitet til også å tilby sal av oppmålingstenester. Arbeidskraft utleigd til eigedomsskatt-prosjektet. Dette saman med tidsbruken i ordinære oppmålingsoppdrag og avslutting av mellombels kartforretningar, har ikkje gitt grunnlag for å tilby andre oppmålingstenester.
- Skaffe og ajourføre digitale kart i nødvendig omfang. (Geovekstprosjekt) Kartgrunnlaget er supplert og ajourhalde etter oppsett plan, koordinert av Kartverket.
- Vidareutvikle GIS-samarbeidet i Vest-Telemark. Det har ikkje vore nye samarbeidsprosjekt innan GIS-Vest-Telemark i 2015.

Spesielle tiltak/endringar i 2015

- Slutføre igangsett adresseringsprosess. Alle fastbuande og hytteeigarar har fått melding om fastsett veg/områdeadresse, til saman ca. 3 400 stk. Adressene er ført i matrikkelen. Skiltplan og skilting vil kome som fase to i denne prosessen. Innkjøp av skiltmateriell og oppsetjing vil skje i 2016.
- Slutføre alle gamle mellombels kartforretningar. Etter avtale med Fylkesmannen og Kartverket skulle alle mellombels kartforretningar vore avslutta ved utgangen av året. Dette blei ikkje oppnådd, sjølv om reduksjonen blei betydeleg, frå 76 til 16 gjenstående kartforretningar.

Byggesaksbehandling:

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader. Budsjetterte årsverk 2015: 2,35 (frå 1/5: 2,05).

- Vere ajour med byggesaksbehandlinga, særleg framfor ferieavviklingar.
Byggesaksbehandlinga har vore heilt ajour. Ventetid har bare oppstått på grunn av manglar i / feil ved søknaden, eller manglande overordna avklaring (dispensasjonar).
- Gjennomføre tilsyn i byggesaker.
Det er gjennomført tre tilsyn. Eit i samband med plassering av bygg, to for tiltak sett i gang utan byggeløyve.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.
Det blei ikkje gjennomført kontroll av gjevne utsleppsløyve i 2015.

Spesielle tiltak/endingar i 2015

- Prioritere kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn.
Byggesaksbehandlar gjennomførte i vinterhalvåret kurs i mindre avløpsanlegg. Tiltaket blei prioritert særleg fordi nye planvedtak gir heimel til, når visse vilkår er oppfylte, å krevje tilkopling til felles avløpsanlegg. Nokre ber sjølve om tilkopling til kommunalt nett, uavhengig av slik kontroll.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet var for heile året 2,43 %, alt korttidsfråvær. Det er ikkje registrert avvik i høve til HMS/Internkontroll.

Kompetanseheving:

Ein av byggesaksbehandlarane har gjennomført kurset "mindre avløpsanlegg".

Kommentar til rekneskapen 2015 :

Ved utarbeiding av budsjett var dei største endingane i ramme for plan slik:

Auke av ramme:

Reduksjon av gebyrinntekter kr 167.000

Reduksjon av ramme:

Gjennom året var dei vesentlege endingane av budsjettet:

Auke av gebyrinntekter kr 200.000

Totalt hadde rammeområdet eit mindreforbruk på kr 245.000

Rekneskapsoverskotet kjem i hovudsak frå auka gebyrinntekter. I høve til justert budsjett blei det inntektsført 21 % meir i oppmålingsgebyr, 22 % meir i plangebyr og 4 % meir i byggesaksgebyr. Sjølvkostberekningane syner at oppmålingskapittelet fekk ei dekningsgrad på 109,4 % medan byggesakskapittelet fekk ei dekningsgrad på 95,3 %. Overskotet, kr 136.811 for oppmålinga, er ført mot tidlegare års akkumulerte underskot. Underskotet, kr 40.956 for byggesaksbehandlinga, er lagt til tidlegare års akkumulerte underskot. Utleige av arbeidskraft og inntektsføring av planproduksjon i eigenregi har gitt inntekter på ca kr 200.000 mot budsjetterte kr 161.000. Utgiftssida har vore tilnærma som budsjetterte. Mesteparten av utgiftene er lønsutgifter, ca 90 %. Resterande utgifter, så som tinglysingsgebyr og grensemerke aukar i takt med produksjonen.

14.11 NAV

Kommuneplanen sine mål:

Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for Nav:

Lov om folketrygd

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen

Forskrifter og retningslinjer frå Husbanken

Samarbeidsavtale mellom NAV og oppfylgningstenesta i Telemark

Samarbeidsavtale Lærekandidater og bruk av arbeidspraksis – NAV i Telemark og Telemark fylkeskommune

Partnerskapsavtala med Nav Stat

Vidareføring av etablert drift:

NAV-kontoret yter kommunale og statlege tenester basert på partnerskapsavtalen mellom Nissedal kommune og NAV-stat. Nav-stat har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, og kommunen har ansvar for dagleg drift av kontoret. Kontoret er lokalisert i Treungen sentrum og har ope for publikum 4 dagar i veka. Dei kommunale tenestene er primært økonomisk rådgjeving og bistand og vidareformidling av Husbanken sine tenester. Det er viktig å hindre at brukarar mottar sosial stønad over tid, eller står i fare for å bli langvarig mottakarar av sosiale ytingar. Nav deltek i tverrfagleg arbeid, m.a. arbeid med rusmisbruk og etablering av midlertidig bustad. På tvers av kommunale og statlege oppgåver er det ei felles satsing å leggje til rette for ein velfungerande arbeidsmarknad i samarbeid med næringslivet, ved auka fokus på marknadsarbeid.

Endring av etablert drift må takast opp i partnerskapsmøta mellom kommunen og Nav-stat.

Då NAV-leiar slutta 1. august vart det etablert ei mellombels ordning ved at NAV-leiar i Drangedal dela tida si 50/50 mellom NAV Drangedal og NAV Nissedal. I tillegg fekk NAV Nissedal tilført ein sakshandsamarressurs på 50 % frå NAV Drangedal. Denne ordninga vart bestemt i partnerskapet som ei løysing på at ein ikkje tilsette ny NAV-leiar etter utlysing sommaren 2015. Frå 1. november har ein av rettleiarane fungert som teamleiar. Det vart lyst ut ei 50 % fast stilling som rettleiar. Denne stillinga er no besett. Teamleiar rapporterer til leiar av NAV Drangedal på det statlege området og direkte til Rådmannen på det kommunale området.

NAV Nissedal har tre stillingsheimlar (300 %), og Nissedal kommune dekker 1/3 av utgiftene.

NAV Nissedal har fokus på bedriftskontakt. Vi har jamlege markeds møte der vi deler informasjon vi har frå kontakt med bedrifter.

Det er jamt over få ledige stillingar i Nissedal, og NAV Nissedal får få ledige stillingar meldt inn til kontoret.

Konkrete brukarsaker vert diskutert på kontormøte.

Spesielle tiltak/endingar for 2015:

- Heve kompetansen hjå tilsette på oppfølgingsmetodikk i.m.t. "Standard for arbeidsretta brukaroppfølging".
Modellen er innarbeida i kontoret. Aktuelle brukarar møter fysisk til samtale på kontoret. Standarden for samtala blir fylgt. Vi har eit særleg fokus på jobbmatch og kravet til mobilitet.
- Heve kvaliteten på behovsvurderingane og arbeidsevnevurderingane ved at dei tilsette deltar på interne kurs, og ved å arbeide systematisk med behovsvurderingar.
Undervegsvurdering i arbeidet med AEV (Kollega kjem med innspel på utkast)
Utarbeida mal for AEV samtale med brukar.
- Kartlegge behovet for arbeidsmiljøtiltak for personar med restarbeidsevne.
Ingen behov.

Kommentar til rekneskapen 2015:

Ved utarbeiding av budsjett 2015 var dei største endingane i ramme for NAV slik:

Auke av ramme:

Auke økonomisk sosialhjelp kr 150.000

Reduksjon av ramme:

Gjennom året var dei vesentlege endingane av budsjettet:

Auke økonomisk sosialhjelp kr 600.000

Då rekneskapen blei gjort opp synte rammeområdet eit meirforbruk på kr 537.000. Meirforbruket kan i all hovudsak relateras post for økonomisk sosialhjelp. Som nemnd over blei denne posten styrkja i budsjettet med kr 150.000. Vidare gjennom året med ytterligere 600.000 og i tillegg ved å omprioritere kr 144.000 frå post til kvalifiseringsstønad til økonomisk sosialhjelp. Likevel synte sluttresultatet eit meirforbruk på denne posten med kr 488.000. I 2015 blei det utbetalt kr 2.032.000 i økonomisk sosialhjelp. Dette mot kr 1.156.000 i 2014 og kr 453.000 i 2011. Det har med andre ord vore ein dramatisk utvikling her.

14.12 Næring

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal
Vedtekter for kraftfond og næringsfond
Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar
Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune
Handlingsplan for kommunalt KMD-fond
Småkommuneprogrammet
Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er fyrst og fremst eit utviklingsarbeid. Fokus og retning skal styrast gjennom strategiske næringsplanar, men må også sjåast att i mål og tiltak under dei ulike tenestene. Kommunen jobbar i tett dialog med Nissedal næringslag, m.a. ved at næringskonsulenten er sekretær for næringslaget, samarbeid om nettportalar og profilering og årleg næringskonferanse. Kommunen samarbeider godt med grunneigarar og Agder Energi når det gjeld Jettegrytene og syter for tilsyn og renovasjon i høgsesongen. Nissedal kommune er vertskommune for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

Det vart gjennomført årleg næringskonferanse 12. mars med følgjande tema: Primærnæring, lokalmat, kommunestruktur, Talenta Group, aktuelt innan næringsarbeid. Frammøte: 30 personar.

Aktivitet i næringslaget:

Styremøte, Årsmøte 12.mars – med orientering om SIVA-programmet, lunsjmøter: 10.mars og 17.april. Møte med Innovasjon Norge 8.juni, medlemsmøte 11.juni med tema: Oppfølging av sjukmeldte v/ Haugan NAV, Telemarksvegen og næringshage
Arrangerte folkemøte/valkampmøte 27.august, 80 personar møtte.

Lunsjmøter 16.oktober og 11.november. Medlemsmøte 18.november med tema HMS.

Temakveld 2. desember: "Hvordan bruke markedsføring for økt inntjening" ved Erik Berglihn.

Nissedal kommune søker breibandsmidlar og har meldt inn aktuelle område for å betre mobildekninga i eit samarbeid med Vest-Telemarkrådet.

Spesielle tiltak/endringar i 2015

- Revidere vedtektene for kraft- og næringsfond.
Prosess og rettleiing skjer i samarbeid med VTNU ,Vest-Telemark-kommunane og Telemarksforskning. Nissedal kommunale næringsfond sine vedtektene blei revidert i kommunestyresak 101/15 den 10. desember 2015.
- Satse vidare på tilrettelegging for sykkel gjennom deltaking i Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK).
Nissedal kommune deltek i LUK, og det vart søkt midlar til sykkelsatsing der 1.prioritet er sykkeltrase på nedlagt jernbane; Treungbanen. Denne traseen er tatt inn i Kommunedelplanen for idrett og friluftsliv og rullert i handlingsdelen. "Idrettens anleggsservice " er engasjert til å utarbeide eit forprosjekt som skal vere grunnlag for førehandsgodkjenning til fullstendig spelemiddelsøknad. Dette er eit samarbeid mellom Åmli og Nissedal kommunar, og ein del av arbeidet med "Telemarksvegen – hovedvegen til det norske eventyret". Det blir også arbeidd med sykkelsti på Fjonesida, og plan for vedlikehaldsarbeid på stisykkelnettet på Heimdalsheia. Rapport vart sendt fylkeskommunen i starten av desember der ein ber om å få utbetalt restbeløpet.
- Få busetjing i dei nye prøvebustadene.
Ein har ikkje lukkast med å få tiltenkt busetjing i desse, og bustadane er har fått endra føremål hos Husbanken til flyktningebustadar.
- Forprosjekt "Nytt liv i Søftestad Gruber".
Prosjektet har fått midlar frå ordninga " Formidling av kulturmidlar". Det er gjennomført sikringsarbeid, Vest-Telemark Museum har vurdert driftsmodell, arkitektane Sanden/Skråvik har arbeidd med alternativ for trinnvis utbygging, forenklingar og kostnader for gjennomføring av tiltak i samsvar med masteroppgåva " Trettisju-grader – Nytt liv i Søftestad Gruber". Prosjektgruppa har utarbeidd rapport for forprosjektet. Forprosjektet vart tatt til vitande i kommunestyresak 104/15 den 10. desember 2015 og det vart vedteke å gå vidare i eit hovudprosjekt.
- Næringsutvikling sett i samanheng med utvikling av Sommarsletta.
Det er starta ein prosess med samarbeid kultur, folkehelse og næring for å utvikle Sommarsletta. Prosjektet har fått midlar frå KMD og fylkeskommunen. 24.juni arrangerte Nissedal kommune eit ope møte for å få innspel til utvikling av Sommarsletta, med utgangspunkt i universell utforming, folkehelse, kulturhistorisk miljø og næringsutvikling. Arkitekt John Sanden er engasjert for å utarbeide ei planskisse med utgangspunkt i innspela frå møtet. Planen vil bli presentert i nytt møte i januar 2016.
- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar.
Forprosjekt er nå under avslutning og rapportering. Det er løyvd midlar frå TIN og RNØ. Nettverksmøte 31.januar på Frolands Verk. 35 næringsaktørar frå Birkenes til Kviteseid deltar i nettverk. Det er utarbeidd kriterier for deltaking. Det blir laga ei enkelt brosjyre, facebook – og nettside etablerast i samarbeid med Visit Telemark. Velkommen – skilt til aktørane. Kurs i sosiale media for aktørane. Arbeid med førebuing til hovudprosjekt. 9 aktørar i Nissedal kommune. Det er utarbeidd kriterier for deltaking. Det er laga brosjyre, Facebook – og nettside er etablert i samarbeid med Visit Telemark. Kampanjar på Facebook har gitt effektiv marknadsføring. Alle aktørane har fått velkommen – skilt . Kurs i sosiale media for aktørane. Oppsummeringsmøte med alle aktørane 10.september, fornøgd med sommarsesongen og marknadsføringa! Årsmøtet 9.juni gav mandat for å arbeide vidare med hovudprosjekt. Ordførarane har ansvar for å fylgje opp vegstandard på RV41.
- Utarbeide ein kommunal næringsstrategi.
Dette er ikkje prioritert i 2015. Rådmannen vurderer at det er eit godt grunnlag i gjeldande strategisk næringsplan, og tilrår å ta tak i dette i 2016.

Vedlegg I:

Årsmelding 2015



Nissedal kyrkjelege fellesråd

ÅRSMELDING 2015

NISSEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. ALLMENT

Nissedal kommune ynskjer å vere ein kommune i vekst og med gode tilbod til alle.

I Nissedal kommune sitt handlingsprogram for 2014 – 2017 står det mellom anna fylgjande under Nissedal kommune sin visjon: NISSEDAL VIDARE.

- *”Aktivt kulturarbeid som gir trivsel og identitet”*
- *”Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet.”*
- *”Born og unge sine oppvekstvilkår er svært gode.”*
- *”Samvirke på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.”*

For at desse måla skal bli realisert har kyrkja ein sentral plass. Som ei levande folkekyrkje er kyrkja ein viktig del av lokalsamfunnet, og sentral i trusopplæringsarbeidet og haldningsskapande arbeid.


Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.

Utvikling av samarbeids – og møtepunkt, er bidrag til å gjere kyrkja til meir enn ein utgiftspost lova legg på kommunen.

2. MÅLSETJING

- Ta vare på, forvalte og drive kyrkjene / kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjene og lokalsamfunnet.
- Stå til teneste for innbyggjarane i kommunen, praktisk, åndeleg og medmenneskeleg.

3. ORGANISERING 2015



Samansetjing av fellesrådet

Nissedal og Treungen vart slege saman til eitt sokn frå og med 01.01.2012. Det vart valt inn 6 personar i det nye Nissedal sokneråd. Desse 6 er og fellesråd saman presten og ein politisk representant vald av kommunestyret.

Fellesrådet fører tilsyn med kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellesrådet sitt tilsynsansvar, vert utført av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er sekretær / sakshandsamar for fellesrådet og administrativ leiar for kyrkja.

Fellesrådet sine medlemmer 2015:

Anita Haugstad Haugsjå, leiar.

Astrid O. Knutsen, nestleiar

Boel Tveit

Mette S. Haugsjå

Ingrid Felli Sandåker

Anne-Nora Oma Dahle, kommunen sin representant

Knut Bjørn Skyttemyr, prest

Inger Johanne Aaheim, har hatt permisjon frå fellesrådet i 2014

Vara i fellesrådet:

Liv Kristin Oterholt

Torgeir Grimstveit

Inge Audun Dahle

Anne Johanne Berge

Anny Solveig Larsen

Halvor Homme, vara for kommunen sin representant

I og med at Inger Johanne Aaheim har vori i permisjon i 2015, har Liv Kristin Oterholt rykt opp som fast i fellesrådet. Torgeir Grimstveit rykte opp til 1. varamedlem og har dermed møtt fast i fellesrådet.

Etter soknerådsvalet i september 2015, er fellesrådet no:

Anita Haugstad Haugsjå, leiar
Asbjørn Nes Hansen, nestleiar
Peter Chr Rieber Mohn
Linda Felle
Liv Lia
Torill Sønderland

Halvor Homme er kommunen sin representant

Vara til fellesrådet er
Astrid Eidem Nordal
Olav Borstad
Øystein Fredriksen
Trygve Slokvik
Anne Johanne Berge

Vara for Halvor Homme er Runa Vee Tveit

Saker:

Fellesrådet har hatt 6 møte og handsama 19 saker. (7 møte og 26 saker i 2014) I desse møta har det og vore soknerådssaker.

4. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2015 arbeidsgjevaransvar for ca. 2,4 årsverk, fordelt på 6 tilsette:

Anne Marie Larsson – 100% stilling som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar ved Nissedal kyrkje, Treungen kyrkje og Felle kapell.

Pauline G. Nordbø – 3,4% stilling som klokkar ved Nissedal kyrkje.

Olav Svalastog – 60% stilling som organist i Nissedal sokn.

Reidun Lauvdal – 4,3% stilling som klokkar ved Treungen kyrkje.

Elisabet A. Åsland – kyrkjegardsarbeider ved Felle kapell på timebasis.

Reidun Moen Valle – klokkar-/kyrkjetenarvikar, ved behov.

Helga Tveit – organistvikar ved behov når ho har høve til det. Ho held fram på friviljug basis med å spile ved andaktane på NOS kvar 14.dag.

Jon Inge Nordbø - 80% stilling som kyrkjevevje/dagleg leiar

Tilsette i Vest-Telemark prosti:

prostidiakon Eilev Erikstein.

Tilsett i Agder og Telemark bispedøme:

sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr.

5. AKTIVITETEN

NISSEDAL:

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter
- Reparert fotocelle for lyskastarar
- Reparert/vedlikehald i tårn og lagt på plass takstein

- Det er kjøpt nytt piano til Nissedal kyrkje. Kjøpet er finansiert med pengar frå kyrkjeskogfondet i Nissedal

